



# *ÅRSMELDING*

for

*Tysnes kommune*

*2007*

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
08/00047	002050/08	001	FSK/RAD/AUHO/ådh	

## ÅRSMELDING 2007

<u>Innleiring</u>	3
<b>1. ØKONOMI</b>	<b>4</b>
<b>1.1 Utvikling i frie inntekter</b>	<b>6</b>
<b>1.2 Utgifter og inntekter etter art</b>	<b>7</b>
<b>1.3 Renterisiko</b>	<b>7</b>
<b>1.4 Utvikling i kommunen sine fond</b>	<b>7</b>
<b>1.5 Oversyn over likvide midlar</b>	<b>8</b>
<b>2. Årsrapport for sektorane</b>	<b>10</b>
<b>2.1 Sentraladministrasjonen</b>	<b>10</b>
<b>2.1.1 Organisasjon</b>	<b>10</b>
<b>2.1.2 Politisk aktivitet</b>	<b>11</b>
<b>2.1.3 Økonomisk resultat</b>	<b>11</b>
<b>2.1.4 Oppnådde resultat</b>	<b>11</b>
<b>2.1.5 Samla vurdering</b>	<b>16</b>
<b>2.2 Undervisning</b>	<b>17</b>
<b>2.2.1 Organisasjon</b>	<b>17</b>
<b>2.2.2 Politisk aktivitet</b>	<b>18</b>
<b>2.2.3 Økonomisk resultat</b>	<b>18</b>
<b>2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram</b>	<b>18</b>
<b>2.2.5 Samandrag</b>	<b>22</b>
<b>2.3 Helse og sosial</b>	<b>23</b>
<b>2.3.1 Økonomisk resultat</b>	<b>23</b>
<b>2.3.2 Utviklingstrekk i etaten</b>	<b>23</b>
<b>2.3.3. Helseavdelinga</b>	<b>24</b>
<b>2.3.4 Sosialavdelinga</b>	<b>26</b>
<b>2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga</b>	<b>27</b>
<b>2.4 Landbruk- og teknisk etat</b>	<b>33</b>
<b>2.4.1 Organisasjon</b>	<b>33</b>
<b>2.4.2 Politisk aktivitet</b>	<b>33</b>
<b>2.4.3 Økonomisk resultat</b>	<b>33</b>

## **Innleiing**

Kommunen tok til med å arbeida ut årsmelding i 1988.

I arbeidet med gjeldande kommuneplan var det eit delmål å få samordna arbeidet med årsmeldinga med budsjettarbeidet og med framtidig rullering av kommuneplanen. Vona er at ei slik samordning skal gje vinstar både når det gjeld effektivitet og kvalitet. Årsmeldingane dei 4 siste åra har framstått som ein mellomting av det opplegget me tidlegare hadde og malen det var lagt opp til. Me fekk gode tilbakemeldingar på desse årsmeldingane, og meldinga for 2007 vert derfor skoren nokolunde over same leist.

Med ei gjennomgåande god økonomistyring og ein framifrå budsjettdisiplin har kommunen så langt klart seg utan å bli "svartelista" av Fylkesmannen, sjølv om det ofte har halde hardt å få endane til å møtast. Me har ein heller desentralisert struktur, noko som medfører økonomiske utfordringar både i høve ei optimal utnytting av personalressursar og opp mot bygningsmasen. Sistnemnde er nødvendigvis større enn om me hadde hatt ein større grad av sentralisering. Med mange og til dels gamle bygningar dukkar det stadig opp nye problemstillingar m.o.t vedlikehald, rehabilitering m.m. Samstundes er det ei stadig utvikling av nye krav til offentlege bygg, og vert ikkje desse følgde opp innan rimeleg tid medfører dette tvangstiltak frå ymse ytre instansar. – Me har også i år 2007 fått ulike pålegg frå arbeidstilsynet. Andre ytre kontrollinstansar som til dømes fylkesmannen har etter tilsynsbesøk gjeve oss både avvik og mindre vesentleg merknader i margen innan både skule, pleie- og omsorg og beredskap.

I 2007 vart det halde kommunestyre- og fylkestingsval. Valstyret og deira sekretariat manuerte på vanleg trygg vis både dei innleiane ”øvingane”, valtingsgjennomføringa og det valtekniske oppgjeret trygt i hamn.

Etter initiativ frå Tysnes kommune vart det våren 2007 skipa eit selskap, Tysnesbrua A/S, som skal vera ein pådrivar for å få på plass Tysnesbrua over Langenuen med godkjende veganlegg i samsvar med dei vedtekne kommune- og fylkesdelsplanane.

I samsvar med føringane i strategisk næringsplan frå 2006 vart det i 2007 oppretta eit eige tiltaksprosjekt med engasjementstilling som samfunnsutviklar. Tron Bach vart tilsett i dette engasjementet hausten 2007. Han byrja i prosjektet pr. 2. januar 2008. – Me har frå 17-18 år tilbake røynsle med eit tiltaksprosjekt med ein engasjert tiltaksjef. Desse to prosjekta er ikkje bygde over same leisten, men grunntankane bak dei er på fleire vis ikkje svært ulike. – Me er optimistiske og ser med spaning fram til kva dette nye tiltaksprosjektet med sine føringar vil tilføra Tysnessamfunnet.

I 2007 vart den nye reguleringsplanen for Godøysund vedteken. Det er ein omfattande og på mange vis komplisert plan. Det vart brukt mykje tid i prosessane i kommunen og opp mot tiltakshavar. Kommunen hadde naturleg eit ikkje ubetydeleg samarbeid med ytre etatar i dette planarbeidet. Me finn særleg å framheva fylkesmannen og hans miljøvernavdeling i dette samspelet. – Det er no opp til eigarane å gjennomføra dei føresetnadene som er nedfelte i reguleringsplanen. Me veit at mykje av det førebuande arbeidet er i godt gjenge. – Tysnessamfunnet har trøng for ei slik ”vitamininnsprøyting” som dette prosjektet vil kunna gje!

Kommunen ser og fram til og har store forventingar til dei etableringane som vil koma på det flotte næringsområdet i Nedrevåge!

Det er og grunn til å nemna at det første samdriftsfjøset i Tysnes kom i produksjon i andre halvår i fjor. Dette vert ikkje trekt fram for å markera at kommunen gjekk inn i prosjektet med eit tilskot. Men det er fordi det er historisk at det vert etablert eit slikt fellesfjøs her i Tysnes. Det er ei næringshending som både jordbruket og Tysnes kommune helsar med glede!

Kommunane fekk, etter dei endringane Stortinget gjorde seinhaustes i lov om veterinærar og anna dyrehelsepersonell, ansvaret for klinisk veterinærkvert frå 1. januar 2008. I Tysnes vert det lagt opp til same vaktdistrikt som tidlegare: Tysnes, Fusa, Samnanger og deler av Kvinnherad og Kvam. Me har hatt ein grei dialog med veterinærane og kommunane. Tysnes kommune skal ta den administrative delen av dette samarbeidet.

Mot slutten av 2007 frigav Riksantikvaren aktuelt areal til utviding av kyrkjegarden i Våge. Grunnsørsmålet er i det alt vesentlege avklart og fellesrådet og kommunen arbeider no med dei konkrete planane for tilrettelegginga av den nye gravplassen.

I 2007 vart også Tysnes næringsråd skipa.

Ved utgangen av 2007 var innbyggjartalet 2773. Dette er ein oppgang på 20 personar frå førre årskifte!

## **1. Økonomi**

Rekneskapen for Tysnes kommune er gjort opp med eit overskat på kr. 412.557,41.

### **INNTEKTER:**

Folketalet i Tysnes var 1. januar 2007 på 2.753 personar noko som var ein nedgang på 42 i høve til året før. Den negative folketalsutviklinga ført til at forventa inntekter til kommunen ville bli redusert med nær 3 mill. i høve til det som var budsjettet.

#### **Skatteinntekt (art 870)**

Budsjettet skatteinntekt i 2007 var kr. 46.480'. Det er inntektsført kr. 46.950' ca. 470.000 meir enn budsjettet. Skattedirektoratet og kommunaldepartementet har i sine oppsett kr. 47.182' i skatteinntekt på Tysnes kommune. Dette er teke opp med departementet. Tysnes kommune har etter vårt syn krav på ei høgare inntektsutjamning.

I 2006 ver skatteinntekta 46.422'.

#### **Rammetilskot (art 800)**

I budsjettet var det lagt inn rammetilskot og skjønstilskot på tilsaman kr. 65.132'. På grunn av folketalsnedgangen skulle denne vore redusert med nær 3 mill., men Tysnes kommune fekk ekstraordinære midlar frå staten. I 2007 gav staten ekstramidlar til dei kommunane som tapte mykje på folketalsendring - Tysnes fekk 1.151' av desse midlane. Vidare fekk Tysnes ekstra skjønsmidlar på tilsaman 400' halvparten av desse fekk me på grunn av folketalsnedgangen.

Budsjettet inntekt vart redusert med 1.350' – dette beløpet blei henta frå tidlegare års overskot. Revidert budsjett vart etter dette kr. 63.782'.

I rekneskapen er det inntektsført kr. 64.293'.

Inntektene på rammetilskot og skatt er høgare enn revidert budsjett grunna høgare skatteinngang på landsbasis enn det som var føresett i statsbudsjettet.

Rammetilskot og skatt utgjer hovedinntektene til Tysnes kommune. I 2007 vart det inntektsført kr. 111.243' mot kr. 108.888' året før. Auken utgjer vel 2,3 mill.

Utgiftene til løn og sosiale utgifter har i samme perioden auka med nær kr. 5,7 mill.

### **Brukertilbetalinger (art 600:619)**

Inntektene er kr. 9.294'. Det er samla ca. kr.. 215' høgare enn budsjett.

Her er det meirinntekt på foreldrebetaling SFO ca. 115'. Musikkskulen har ein pluss på ca. 90' også barnehagane har ei meirinntekt.

På helse og sosial er det pasientbetaling legekontoret på ca. 62' som utgjer det positive avviket. Det er mindre inntekt enn budsjett på Hovland bu- og omsorgssenter og på Tysnes sjukeheim. Her er svikten på ca. kr. 110'.

### **Andre sals- og leigeinntekter (art 620:670)**

Det er inntektsført kr. 10.714'. Dette er ca. 355' meir enn budsjettet.

Inntektene som er ført her er: sal av mat, husleigeinntekter, kommunale avgifter som renovasjon, kloakk og slam. Under denne posten finn me og inntekter for oppmåling og byggesaksgebyr. Det er desse to siste som utgjer det positive avviket – innan oppmåling er det eit positivt avvik på ca. 295' og på byggesak er det eit positivt avvik på ca. 30'.

### **Overføring med krav til motyting (art 700:780)**

Inntektene er på kr. 22.729' mot revidert budsjett kr. 18.552' avvik er på kr. 4.177'.

Hovedforklaringa på det positive avviket er: momskompensasjonen som utgjer ei inntekt på kr. 3.889' mot revidert budsjett på kr. 2.483'.

Det er inntektsført sjukepengar og fødselspengar på kr. 4.594' mot revidert budsjett på kr. 1.322'.

Statstilskot til barnehagar, psykiatrien og ”tunge” brukarar er inntektsført med kr.9.635'. Ulike refusjonar frå fylkeskommunen utgjer kr. 630'. Vidare er refusjonar frå andre kommunar kr. 1.267'. Refusjonar frå andre kr. 336'. Andre refusjonar frå staten utgjer resten.

### **Andre statlege overføringer (art 810)**

Inntektene her er: kompensasjon for renteutgifter skulebygg og omsorgsbustader/ sjukeheimslassar og bustønad. Der er i 2007 inntektsført kr. 4.124' som er 1.139' meir enn

opprinneleg budsjett. Hovedforklaringa her er skjønsmidlar barnehagane. Det er inntektsført kr. 942' og budsjettet med 130' i opprinneleg budsjett (budsjettet er seinare reg. til 450'). Det er ikkje avsett midlar til fond barnehagane i 2007.

Det er auka inntekt på rentekompensasjon i 2007 pga auka rentenivå.

## **UTGIFTER**

### **Lønsutgiftene**

Utgiftene til løn utgjorde kr. 94.322' mot 89.444' i 2006. Dette utgjer ein auke på 5,45 %. Dei sosiale utgiftene utgjer kr. 23.886'. Året før var dei sosiale utgiftene kr. 23.380'.

I desse tala er det teke med utgifter til reise/diett og andre oppgåvepliktige godtgjersler. Her er utgiftene i 2007 1.031'. I 2006 utgjorde dei samme utgiftene 1.294'.

### **Renter/avdrag**

Utgifter til renter og avdrag minus inntekter renter og avdrag utgjer ein nettoutgift på 7,2 mill. Det er om lag som budsjett. Ser me attende til 2006 var nettoutgiffa kr. 6,1 mill.

Lånegjelda er siste året auka med kr. 14.6 mill. Ved årsskiftet var lånegjelda kr. 104.278'.

På grunn av store låneopptak er likviditeten god. Det er ved årsskiftet plassert 20 mill. i Fondsforvaltning AS sitt fond, pluss likviditet.

Rekneskapen er gjort opp med eit positivt resultat på 412'. Det er og avsett 450' til fond i samband med rekneskapsavslutninga. For å få eit slikt resultat har kommunen siste året brukt kr. 1.475' av tidlegare års overskot.

Vi ser at dei bundne fonda har auka siste året. Det har mellom anna samanheng med:

Slamfond	416'
Viltfond	66'
Psykiatrien	34'
Husbankmidlar	104'
Statstilskot etterutdanning H&S	140'

Dette er midlar som ikkje kan nyttast til vanleg drift.

## **1.1 Utvikling i frie inntekter**

Mill. kr.	Rekneskap 2007	Rev. 2007	Budsjett 2007	Rekneskap 2006	Budsjett 2006	Reknekap 2005
Skatt	46,950	45,480	45,480	46,422	45,134	42,570
Rammetilskot	62,818	62,882	64,232	61,566	60,275	55,251
Momskompensasjon	0,528	1,417	1,417	0,740	1,017	0,955
Refusjon Reform 97/						
Komp. Skulebygg	0,742	0,650	0,650	0,604	0,500	0,543

Komp.sjukeh/omsb.	1,253	1,150	1,150	1,087	0,943	1,013
Skjønsmidlar	1.475	0.900	0,900	0,900	0,900	1,200
Sum	113,766	112,479	113,829	111,319	108,769	101,532

## 1.2 Utgifter og inntekter etter art

Mll. kr.	Rekneskap 2007	Rev.budsjett 2007	Budsjett 2007	Rekneskap 2006	Budsjett 2006	Rekneskap 2005
Løn	117,2	113,1	109,6	111,5	105,9	109,8
Kjøp av varer	26,5	27,3	26,2	25,6	24,3	23,0
Kjøp av tenester	5,2	4,45	4,4	5,1	5,3	3,7
Andre utgifter	7,4	6,8	9,3	6,4	6,3	6,4
Sum utgifter utan renteutgift	156,3	151,65	149,5	148,6	141,8	142,9
Salsinntekter	24,4	24,0	24,0	23,5	24,2	23,6
Refusjonar	24,3	20,4	18,7	23,7	14,8	24,3
Overføringer	115,5	113,6	114,6	112,8	109,0	101,4
Sum inntekter	164,2	158,0	157,3	160,0	148,0	149,3

## 1.3 Renterisiko

1000 kr	Mill kr	Rente %	% av samla lånegjeld
Lån utan rentebinding			69,5 %
Tysnes spareb	7.572	6	
Husbanken	3.000	5,1	
Kommunalbanken	52.221	6,0	
KLP	0,163	5,95	
Kommunekreditt	9.486	5,65	
Fastrente til 2008	7.275	5,2	7,0
Fastrente til 2009	2.891/1.791/234	2,7/3,7/4,3	4,7
Fastrente til 2012	19.645	4,4/5,3	18,8
Gjeld i alt	104.278		100 %

## 1.4 Utviklinga i kommunen sine fond

1000 kr	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005
Bundne driftsfond	10.499	9.347	8.649
Dispositionsfond	8.924	9.487	9.709
Bundne investe-	369	21	280

ringsfond			
Ubundne investeringsfond	85	85	85
Sum	19.877	18.940	18.723

## 1.5 Oversyn over likvide midlar

1000 kr	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005
Omløpsmidlar	63.678	41.422	27.774
Kortsiktig gjeld	22.489	21.106	19.450
Fondsavsetningar	19.877	18.940	18.723
Unytta lånemidlar	17.399	8.183	7.599
Lån av likviditetsreserven	363	12.159	19.807
Udisponert overskot	4.292	5.352	1.808
Sum, netto	82.394	40.632	16.648

### Konklusjon

Det er isolert sett gledeleg at me har eit positivt resultat med kr. 412.000,- i årsrekneskapen for 2007. Me har og i samsvar med kommunestyret sine føringar sett av kr. 450.000,- til fond i samband med rekneskapsavslutninga.

I eit vidare perspektiv er det likevel ikkje fullt så positivt når me veit at me har måttå brukt kr. 1.475.000,- av tidlegare års overskot for å makta å oppnå eit slikt resultat i 2007. Men kommunestyret og administrasjonen er innforståtte med grunnane til at det vart denne løysinga. Det skulle i og for seg ikkje vera så problematisk å måttå saldера eit årsbudsjett ein og annan gangen med hjelp av oppsparte midlar. - Men når me veit at også budsjettet for inneverande år er saldert ved bruk av ca 4 millionar kr. frå oppsparte midlar, kan situasjonen fortona seg noko dystrare. Med den folketalssamansetjinga me hadde pr. 1. januar i år, er det dessverre sannsynleg at me må inn med noko meir for å koma gjennom dette året. Og dette sjølv om me makter å spara inn lønsmidlar og anna i samsvar med kommunestyret sine føringar. - Dette bør me likevel kunna takla om me kan sjå føre oss å saldера 2009 - budsjettet på "normal måte". I gjeldande økonomiplan er det føresett bruk av fond/oppsparte midlar for å koma ut i balanse dei einskilte åra. Me ser med andre ord at framtidsperspektivet er noko urovekkjande. Driftsnivået er i realiteten for høgt og handlingsrommet er så godt som borte.

Dersom me ser økonomiplanen over alle fire åra, kan det nok med ein viss rett hevdast at me over ein god del år har valt å leggja stort innsats i det første året av økonomiplanen. Me har lagt mindre arbeid særleg i det fjerde-, men og til dels i det tredje året. Dette har blant anna samanheng med at det vert fleire usikre moment di lengre fram me skal prøva å sjå.

Driftsnivået er for høgt og me har lite og ikkje handlingsrom. Folketalsutviklinga har dei siste åra vore i nedre kant av forventingane. Samansetjinga har og i periodar ikkje slått inn til gunst for oss. Desse realitetane saman med at me ikkje kan basera oss på å saldера budsjettet med oppsparte midlar, tilseier at me no framover må vurdera nærmere både utgifter og inntekter for

å oppnå eit naturleg balansert nivå - helst med ei viss handlekraft. I dette perspektivet kjem me vanskeleg utanom både driftsmönstar/strukturar og eigedomsskatt.

Frå oppvekstsjefen vert det mellom anna peikt på det arbeidet som alt er i gang med å vurdera barnehagestrukturen i kommunen.

Oppvekstsjefen er óg inne på at me ikkje kan utelukka at endringar i skulestrukturen også kan vera eit tema alt i inneverande år. Han fokuserer i så måte på dei store investeringsutfordringane me samla sett står framføre. - Det må vidare absolutt vera grunn til å gå nærmare inn i den negative elevtalsutviklinga i kommunen. Denne utviklinga har vore og ser ut til å vera slik:

Årsskifte 2002/03 –	elevtal:	406
Hausten 2011 –	elevtal	305
Reduksjon		101 elevar, dvs ca 25 %

Dette er store tal, og den generelle ressursinnsatsen innan skulesektoren bør vera dynamisk og tilpassa elevtalet til ei kvar tid. Administrasjonen lyt her peika på at det gjerne er naturleg å vurdera strukturendringar, når me ser slik stor nedgang i elevtalet. Slike strukturendringar kan vera mellombelse, slik at me får ein moderne struktur som kan ta opp i seg elevtala til ei kvar tid. Når me ser på ein stadig meir svekka budsjettbalanse utover i økonomiplanperioden, kan me vanskeleg la vera å nemna dette punktet.

Me har ved fleire tidlegare høve vore innom lånegjeldsutviklinga. Me ser at me ved siste års-skiftet hadde ei lånegjeld på kr. 104.278.000,-. Dette tilsvarar ei lånegjeld pr. innbyggjar på kr. 37.600,-. - Med tilvising til forvaltingsrevisjonsrapport om lånesituasjonen og kommunestyret sitt vedtak i sak 15/07, måtte me mot slutten av 2007 ta opp eit noko høgare lån enn dei føresetnadene som kommunestyret og administrasjonen i årevis har arbeidd utifrå. - For å illustrera lånesituasjonen kan me her kort nemna at lånegjelda vår var på 36 millionar i 1995 og på 75 millionar ved utgangen av 2004. - Med ein såpass betydeleg auke i låneporfølgjen og med ei oppadgåande rente, seier det seg sjølv at dette gjev seg merkbare utslag i renter og avdrag. - Tysnes kommunestyre har over svært mange tiår levd etter prinsippet om at lånepoptak bør nedbetala av den generasjonen som tek opp lånna. Så godt som alle lån har vorte tekne opp med ei nedbetalingstid på 20 år. Både kommunestyret og administrasjonen har hatt informasjon om at nedbetalingstida kan strekkjast til både 30-, 40- og i visse høve 50 år. Til sjuande og sist spørst det til kva føremål lånna er tiltenkte. - I premissane til kommunestylesak 15/07 har revisjonen peikt på høvet til lengre nedbetalingstid. Så langt har me frå administrasjonen si side berre vist til at dette kan vurderast. Me har óg nemnt at ein slik "reserve" kan vera god å ha når premissane for framtidige større lånepoptak skal leggjast. - Slik situasjonen no er bør me truleg sjå nærmare på dette. Me kan, innanfor dei grensene som staten set, omdisponera lånna våre og såleis etter ein grovkalkyle spara inn mellom 1,5- og 2 millionar driftskroner på årsbasis innanfor noverande låneporfølgje.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak 14.11.2006:

*"Dersom Tysnes kommune ikkje på annan måte klarar å skaffa seg økonomisk handlingsrom for å møta dei mange utfordringane me har, må kommunen etter alt å døma snart innföra eigedomsskatt på fast eigedom.*

*Då kommunen treng meir tid til å vurdera alternative tiltak, og ikkje minst utifrå at fleire meir sentralt plasserte kommunar i nærområdet til Tysnes enno ikkje har innført slik skattlegging, vil kommunen venta med å ta stilling til dette til nytt kommunestyre er på plass i 2007.”*

Dei økonomiske utsiktene i økonomiplanen gjer dette stadig meir aktuelt å vurdera.

Tysnes rådmannskontor, 25. mars 2008

Audun Hovland  
rådmann

---

Knut Hollekim  
økonomisjef

## 2. Årsrapport for sektorane

### 2.1 Sentraladministrasjonen

#### 2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis a vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret. I 2007 har rådmannskontoret hatt stillingar i vakanse i delar av året. Ein del oppgåver vert ikkje utførte på grunn av manglande kapasitet.

---

Årsverk	faktisk 2007	plan 2008
Sentrale administrative funksjonar	9,0	9, 0
Tenester: kultur,bibliotek, idrett miljø, flyktning og næring	2,2	2,2

<b>Sum</b>	<b>11,2</b>	<b>11,2</b>
------------	-------------	-------------

## **2.1.2 Politisk aktivitet**

Tal saker til politisk handsaming

Utvale	2004	2005	2006	2007
Kommunestyre	52	63	56	104
Formannskap	110	111	100	109
Adm	6	-	-	12
Klagenemnd	-	-	-	-
Andre	15	6	13	43

## **2.1.3 Økonomisk resultat**

Her viser me til tala som er lagde fram her i årsmeldinga, samt til rekneskapen for 2007.

## **2.1.4 Oppnådde resultat**

### **Administrasjon og leiing**

For å få meir ut av ressursane våre er me stadig på jakt etter betre måtar å løysa oppgåvene våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Nye løysingar kan innebera samarbeid med andre kommunar eller omorganiseringar av eiga verksemd. Me må og ha ei kontinuerlig vurdering av kva nivå me skal leggja oss på for å gje eit fullnøyande servicetilbod. Føresetnadene endrar seg heile tida.

I 2006 vart det sett i gang eit arbeid med å sjå på den politiske strukturen i kommunen. Eventuelle endringar her må naturleg óg sjåast opp mot den administrative organiseringa me har.

For oss som arbeider i ein kommune, som er ein mangslungen organisasjon med ei rekke ulike oppgåver og funksjonar, er det elles alltid ei utfordring å trekkja i lag. - Dette gjeld kan skje særskilt når mange opplever nedskjeringar eller frysing av sine delbudsjett. Det er nok elles og mange som ikkje tenkjer over at me er tilsette i same verksemd, sidan me har til dels svært ulike gjeremål. Dei tilsette i rådhuset opplever til dømes ofte å verta omtala som ”dei i kommunen” av andre som sjølve og arbeider i same organisasjon. Dette viser nok at me har eit stykke fram før me tenkjer som ei eining. Når det er sagt er Tysnes kommune heldigvis jamt over velsigna med dyktige og arbeidsame tilsette som ønskjer å gjera ein god jobb.

### **Vedtaksoppfølging**

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektuering av politiske vedtak. Saka kom opp etter opptak frå kontrollutvalet.

I fjor nemnde me blant anna Olavsgildet, offentleg servicekontor og bustadsosial handlingsplan.

Slik ”Olavsgildet” står no kan det tidlegast koma til oppsetjing i 2009.

Saka om offentleg servicekontor vart utsett då ho var oppe i formannskapet i 2006. Dette skjedde mellom anna utifrå at utvalet sjølv ønskte å kartleggja ulike løysingar. – Det synest å

vera semje om at NAV – etableringa i rådhuset først må klarera sitt endelege arealbehov før me ser nærmere på løysinga i serviceområdet ved hovudinngangspartiet i rådhuset..

Bustadsosial handlingsplan vil av kapasitetsgrunnar måtta skyvast ut i tid.

Me har utover dette ikkje fått meldingar frå sektorane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av ulike og heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Det kan vera investeringsprosjekt eller det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold. – I fjar var me inne på at det etter opptak frå kontrollutvalet vart valt eit ad-hocutval som skulle sjå nærmere på korupsjons- og etikkspørsmål. Utvalet kom ikkje i gang med arbeidet sitt. I kommunestyremøte i september 2007 vart det vedteke at administrasjonen skulle setja i gang arbeid med å rullera kommunen sine etiske retningsliner frå 2001. – Me har denne saka med oss i planane våre, og me har alt sagt til partssamansette utval og til overordna politisk nivå at me vil prøva å koma i gang med dette arbeidet i år. Me vil då sjå dette saman med innspelet om eit eige kommunikasjonsreglement for Tysnes kommune. – Det er klare teikn i tida som tilseier at arbeidet med slike reglement/retningsliner bør prioriterast – kanskje minst opp mot gode og breie prosessar.

## **EDB**

Også innan IT gjev statlege krav og restriksjonar oss ein del utfordringar. Datatilsynet stiller strenge krav til handsaming av sensitiv informasjon som t.d. pasientjournalar og barneverns-saker, medan ulike statlege organ stiller krav til rapportering via IT-baserte fagsystem av ymse informasjon gjennom KOSTRA. Dette gjer at me i mange høve lyt føreta investeringar og programvareoppdateringar som elles ikkje hadde vore naudsynte. Eit døme er innføringa av IPLOS i 2006 innan helse- og sosialetaten. Dette går ut på registrering og rapportering til staten av ei rekke opplysningar vedkomande brukarane i omsorgstenestene. Dette medførte; At dataprogrammet for omsorgstenestene måtte oppgraderast, at 2 gamle serverar måtte skiftast ut med kraftigare utgåver og ein god del meiarbeid for administrasjonen.

I 2007 måtte me skifte skatterekeskapsprogram ut frå at staten har innført nytt system for alle kommunar.

IT-planen vår vart vedteken i 1998, og er no til dels blitt forelda. Me er i ferd med å oppdatera denne. I denne samanheng er det oppretta ei tverretatleg gruppe som skal sjå IT i ein større samanheng.

Elles er me med i samarbeid med andre kommunar innan fleire område. Eitt område er kart på nettsidene. Saman med 18 andre kommunar i Nord-Rogaland, Sunnhordland og Hardanger har Tysnes kommune lagt ut tekniske kart på internett på [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no).

## **Personal**

Vinteren 2007 vart det etablert et nytt telefonreglement for Tysnes kommune, endringa vart gjort for å få eit betre samsvar mellom den generelle utviklinga innan teletenester og dei nye reglane for skattlegging av teletenester frå 2006.

Det vart gjennomført ei evaluering av ordninga med administrative tilsetjingar og etter mindre justeringar vart denne ordninga ført vidare.

Frå 1. januar tok det til å gjelda nye lovvedtekter for varsling av kritikkverdige tilhøve. I samband med dette har arbeidsgjevar eit ansvar for å leggja til rette for slik varsling. Ved slutten av 2007 vedtok Tysnes kommunestyre retningsliner for intern varsling, Tysnes kommune har såleis gjort turvande tilpassingar til nytt lovverk.

Tysnes kommune vart etter søknad teken opp som kvalitetskommune i 2007, det er eit prosjekt som skal gå fram til utgangen av 2009. Fokuset i prosjektet er nærvær, personal og kvalitet i tenesteytinga. I Tysnes vil me arbeida med tenester innan oppvekst.

I 2007 er det gjort vedtak om å knyta kommunen til opplæringskontoret for kommunale fag. Dette er gjort med von om å styrkja kommunen si satsing på lærlingar.

Attføringsutvalet i Tysnes kommune vart lagt ned i året som gjekk, grunngjevinga for dette var at IA avtalen saman med nye reglar for oppfølging av sjukemelde frå våren 2007 gjorde utvalet overflødig. Sjukefråværet i Tysnes kommune viste elles ein fin nedgang i førre år samanlikna med 2006. Totalt fråvær i 2007 var 6,4 % mot 7,3 % i 2006.

Arbeidsmiljøutvalet i Tysnes kommune handsama 21 saker i 2007.

Når det gjeld 2008 er det fleire spanande arbeid som står føre oss, me kan her nemna kvalitetskommuneprogrammet, oppfølging av medarbeidarundersøkinga, arbeid med uønska deltid, evaluering/revidering av lønspolitisk plan med vidare.

## **Økonomikontor**

Økonomikontoret har ansvar for kommunen sine økonomifunksjonar, herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering.

Det er i 2007 innført nytt skatterekneskap. Det har krevd ekstra ressursar grunna ”opprydding” i samband med konvertering – vidare har det vore ein del kurs for å lære det nye systemet.

## **Flyktning/innvandring**

Kommunen har sidan 2001 ikkje fått førespurnad frå Utlendingsdirektoratet om å busetja flyktningar og kommunen har heller ikkje eit generelt vedtak om busetjing. Me har ansvar for innvandrurar som kjem til kommunen med oppfølging, registrering og vedtak i Nasjonalt introduksjonsregister.

## **Miljø og naturvern**

I første kvartal 2006 vart ordninga med eigen miljøvernkonsernt i ei lita deltidsstilling teken bort.

## **Beredskap**

Fylkesmannen i Hordaland hadde tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen 22. og 24. januar. Tilsynsrapporten konkluderte med at Fylkesmannen ikkje avdekkja avvik under tilsynet, men lista opp 4 merknader.

Merknadane gjekk på at kommunen i lita grad hadde konkrete mål innan området samfunnstryggleik og beredskap, manglande revisjon av overordna ROS-analyse, ikkje ferdig utvikla overordna kriseplan og rutinar for systematisk opplæring innan området samfunnstryggleik og beredskap.

I løpet av 2007 og særleg i samband med øving Hordland 2007, har Tysnes kommune arbeidd med å retta opp merknadane frå Fylkesmannen.

Kommunen sin overordna kriseplan er vidareutvikla.

Arbeidet med revidering av den overordna ROS-analysen har starta og sjølve analysen skal vera ferdig innan mai 2008.

Begge desse planane vert lagt fram for kommunestyret for godkjenning i fyrste halvår 2008.

3 tilsette har delteke på Fylkesmannen sitt kurs i ROS-analyse sommaren 2007

## **Næring**

Det kan verka som om det er generell høg aktivitet i verksemndene i kommunen.

Tysnes Kraftlag/Tysnes Breiband si satsing på å byggja ut breiband via fiber heldt også fram i 2007. Tysnes kommune har gjennom Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet i Sunnhordland fått tilsegn på ca. kr 750.000 i Høykommidlar til vidare utbygging av Reksteren, området frå Beltestad til Bårdsund og Flatråker. Når desse stadane vert utbygde har Tysnes ei breibandsdekning på ca. 90 %.

Reguleringsarbeidet for Godøysund er avslutta og arbeidet i første fase har planlagd oppstart i 2008.

Tysnes Næringsråd vart stifta hausten 2007 og 60 verksemder teikna seg som medlemer, deriblant Tysnes kommune.

4 verksemder fekk til saman kr. 110.000 i støtte frå regionalt næringsfond. Dette vert delt ut gjennom Samarbeidsrådet i Sunnhordland.

Tiltaksprosjektet 3012 vart vedteke og samfunnsutviklar tilsett med verknad frå 01.01.08. Til dette prosjektet fekk kommunen tilsegn om 1,2 mill frå Hordaland fylkeskommune.

## **Kultur**

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, planarbeid og koordinering.

## **Bibliotek**

Biblioteket har i 2007 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held også ope på dagtid to dagar i veka.

Eit hovudmål i 2007 var å auka bokutlånet, som var på totalt 4248 bøker og andre medium mot 3479 året før. Men ein skal ikkje berre döma aktiviteten ved biblioteket etter utlånstala. Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetenester, arrangement osv. Bruken av biblioteket har i denne perioden gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala vil auka som følgje av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein stor ”miljøfaktor” i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange ungdommar. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd.

Eit anna hovudmål vart nådd i 2007. Omlegging til Tidemann biblioteksysten på sentralserver har medført heilautomatisering av bibliotekdrifta, noko som har gjeve biblioteksjefen betre høve til å konsentrera seg om andre oppgåver.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. I 2007 vart det innleia samarbeid mellom Tysnes folkebibliotek og fem andre bibliotek i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter, i samarbeid med Tysnes sogelag – då særleg med å gjera den lokalhistoriske bilesamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er ein likevel avhengig av eksterne midlar til ei slik drift.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjettet og modernisera det totale tilbodet. Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale er det framleis utstyrsmessig eit av dei därlegaste i fylket. Det er såleis å ønskja at ein kan få løyvd pengar til nye hyller for å betra lagringskapasiteten, samt anna turvande utstyr.

## Kulturvern

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad. Det vart løyvt tilskot til produksjon av ein dokumentarfilm om Johannes Heggland. Tysnes sogelag fekk stønad til produksjon av eit hefte med ord og uttrykk frå Tysnes og Sunnhordland, samla av Johannes Heggland. Solstråleøya venelag fekk tilskot til byggjing av ny kai.

Kommunen var vertskap for årsmøte i Sunnhordland folkemuseum.

## Kulturformidling

Kunstlaget Njardarlog har ikkje hatt utstillingsverksemd i sjøbua på Årbakka.

Tysnes kommune har i fleire år gjeve stønad til dei laga og friviljuge som gjennom mange år har utvikla Årbakka Handelsstad til å verta den mest kjente turistattraksjonen i kommunen.

## Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søkerader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd. Kommunen fekk tildelt spelemidlar til Tysneshallen.

## **Friluftsliv**

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingen. BOF held vedlike 10 område.

Det vart løyvt tilskot til produksjon av forvarselskilt til bilvandringsturane Ramnanuten og Myklestadskogen.

Rydding, merking og vedlikehald av turstiger vart ikkje gjennomført. Dette arbeidet bør prioriterast i samarbeid med lag, grunneigarar og skulane.

## **Tysneshallen**

Bruken av Tysneshallen har vore stor gjennom året. I tillegg til den ordinære aktiviteten har hallen til dømes vorte nytta til turneringar, utdanningsmesse og dansearrangement – herunder også dansearrangement kvar veke for dei over 60. Det vert lagt ned eit stort dugnadsarbeid, noko som er med å sikra at driftsresultata er langt betre enn mange av oss trudde på førehand.

I 2006 vart dreneringa rundt hallen betra. Dette synte seg å fungera tilfredsstillande, og det vart difor asfaltert utanfor hallen i 2007.

## **Barne- og ungdomsarbeid**

Kommunen deltok med innslag under Ungdommens kulturmönstring, både under fellesmönstringa for Tysnes, Fitjar, Bømlo og Stord og under fylkesmönstringa i Bergen.

Det bør arbeidast vidare med oppretting av eit ungdomsråd i kommunen som kan fremja ungdom sine interesser og synspunkt.

## **Generelt kulturarbeid**

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte:  
Rentestønad, oppstartstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. Tysnesfesten fekk tilskot til marknadsføring.

Det er viktig at me sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at me stimulerer laga til å læra opp leiarar.

I 2007 deltok kommunen med 6 arrangement under Kystsogevekene.

Me har delteke på reiselivsmesse og vore representerte i referansegruppa for reiseliv i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Vidare har me koordinatorarbeid for Kystsogevekene og kulturarbeidsgruppa.

Fleire av kulturminna treng betre skjøtsel og tilrettelegging for publikum. Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

## **2.1.5 Samla vurdering**

Sentraladministrasjonen har også i 2007 køyrt med reduserte ressursar. Det minkar ikkje på oppgåvene, og nye utfordringar dukkar stadig opp. Me er velsigna med politikarar som vil mykje, noko som ikkje alltid gjer det like lett å fordela og disponera dei administrative ressursane som er tilgjengelege. Sjølv om me ikkje alltid klarer tidsfristane forvaltningslova set, sørger dyktige og arbeidssame tilsette for at hjula stort sett går rundt som dei skal. I ei tid med eit stadig krav om effektivisering vert utfordringa å sjå om me kan få endå meir ut av innsatsfaktorane framover.

## **2.2 Undervisning**

### **2.2.1 Organisasjon**

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2007 vore:

- ◆ grunnskulane m/SFO
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa

#### Grunnskulen.

Ved utgangen av 2007 har kommunen 5 skular, 3 med elevar på 1.- 6. klassesteget, 1 med elevar på 1.- 4. klassesteget og 1 med elevar på 5.-10. klasse-steget.

Ved årsskifte 2007/08 var det totalt 364 elevar i grunnskulane i Tysnes, 244 på barnesteget og 120 på ungdomssteget.

44 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2007, og 24 elevar tok til i 1.klasse hausten 2007.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 08	haust 09	haust 10	haust 11
Lunde skule	28	29	24	22
Onarheim skule	32	28	23	22
Reksteren skule	12	13	14	12
Tysnes skule	78	88	85	77
Uggdal skule	81	68	68	60
Sum barneskulane	231	226	214	201
Ungd.skulen	116	99	109	104
SUM:	347	325	323	305

#### Barnehagen.

Ved utgangen av 2007 hadde 110 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 84 % av alle barn i førskulealder (f. 2002 – 2006).

Det er 31 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 50 born i kommunen. (62 %)

I aldersgruppa 3-5 år er det 79 born i barnehage (av totalt 80). (99 %)

Det kan sjå ut som at dekningsprosenten har stabilisert seg dei siste to åra, også når det gjeld born under 3 år. Jfr tabellen nedanfor.

Dekningsgrad	2005	2006	2007
Under 3 år	63 %	61%	60 %
Over 3 år	100 %	98%	99 %
Totalt	85 %	84%	84 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste fem åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2003	2004	2005	2006	2007
Lunde	6	1	4	3	4
Onarheim	2	1	5	3	2
Reksteren	3	2	0	1	0
Tysnes	8	10	8	9	8
Uggdal	10	7	7	10	10
SUM	29	21	24	26	24

### Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt ca. 24 årsverk. I skulane har det vore til saman ca. 65 årsverk. Det er små endringar i høve til året før.

### **2.2.2 Politisk aktivitet**

#### Tal saker til politisk handsaming

Utval	2005	2006	2007
Oppvekst/omsorg	8	12	15
Kommunestyret	3	3	3

Når det gjeld oppfølgjing og effektuering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnaden.

### **2.2.3 Økonomisk resultat**

Rekneskapen for 2007 viser at kapittelet brukte kr. 37 797 785 av eit revidert budsjett på kr. 38 411 982. Årsaka til at ein ikkje nytta meir av midlane skuldast i hovudsak at innkjøp av nye lærebøker til kunnskapsløftet vart utsett samt langtidssjukemelding innafor etaten der det ikkje vart sett inn vikar.

Det vert elles synt til rekneskapen for 2007.

## **2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram**

Det var ikkje vedteke noko nytt handlingsprogram for året 2007. Dette vart sist gjort i komuneplansamanheng for året 2003. Me har difor stort sett halde oss til same malen og handlingsmåla som vart vedtekne då.

### **Grunnskulen**

I februar 2007 vedtok oppvekst/omsorg ny plan for utviklingsmål for skulane i Tysnes for perioden 2007-2008. Denne planen har vore styrande for utviklinga på dette området i kommunen det siste året. (Planen vil bli evaluert i løpet av 2008 og erstatta med ein strategiplan for utvikling av skular og barnehagar i Tysnes kommune). I tråd med denne planen er det i 2007 utvikla underplanar for overgongar mellom barnehage/skule og barnesteg/ungdomssteg (Overgangsplanen) samt plan for Sosial kompetanse, Sunt kosthald og Fysisk forstring. Også desse planane vil bli evaluerte, rullerte og vidareførte i åra framover.

### **Digital kompetanse**

I tråd med utviklingsplanen er det i løpet av året gjennomført eit program (LIKt) for å utvikla den digitale kompetansen hos lærarpersonalet. Samlege lærarar (med nokre få unnatak) skal ha gjennomgått dette programmet i løpet av 2007. Noko tilsvarende vil i dei nærmaste åra bli gjennomført for tilsette i barnehagane.

### **Plan for kompetanseutvikling**

Det vart utarbeidd ein handlingsplan for kompetanseutvikling i Tysnes-skulen i 2007. Denne planen gav grunnlaget for utbetaling av midlar øyremerka for kompetanseutvikling i skulen. I 2007 fekk kommunen tilført kr. 197 000 av slike midlar.

### **Innkjøp av nye lærebøker**

Innføringa av ny læreplan for grunnskulen medfører òg behov for å skifta ut lærebökene. I Tysnes kommune har me vore varsame med å gå for fort fram med omsyn til dette. Alle erfaringar tilseier at dei første lærebökene som kjem ut etter innføring av ein ny læreplan ofte ikkje held ønska kvalitet. Det har difor i 2007 vore nedsett fleire læreboknemnder som har teke på seg å vurdera dei nye læreverka og koma med ei innstilling. I tråd med dette vil me prøva å få kjøpt inn nye lærebøker i basisfaga framfor skuleåret 2008/2009 så langt økonomien rekk.

### **Tilsyn – Miljøretta helsevern**

Etter pålegg frå Utdanningsdirektoratet har det i 2007 vore gjennomført tilsyn vedk. miljøretta helsevern i alle barnehagane og på alle skulane i Tysnes. Kommunelege 1 var ansvarleg for gjennomføringa av tilsynet og oppvekstsjefen deltok på synfaringane. Reksteren, Lunde, Onarheim og Uggdal skule vart godkjende utan spesielle merknadar, medan Tysnes skule fekk mellombels godkjenning fram til 01.08.08. I rapporten blir det peikt på at denne skulen har vesentlege manglar som må utbetrast før permanent godkjenning kan finne stad.

### **Skulevurdering**

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har kommunen gått inn for å slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. I løpet 2007 vart Tysnes skule vurdert av den regionale vurderingsgruppa. Då gjenstår berre Reksteren skule av skulane her i kommunen, og denne skulen vil bli vurdert våren 2008. Samtidig startar ein då på ein ny syklus som vil omfatta alle skulane i regionen.

## **Nasjonalt tilsyn**

Som ein del av eit felles nasjonalt tilsyn vedteke av Kunnskapsdepartementet, gjennomførte utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland tilsyn i Tysnes kommune i april 2007. I rapporten frå fylkesmannen etter tilsynet vert det konkludert med at kommunen *ikkje har eit forsvarleg system for å vurdera og dokumentera tilsynsområdet tilpassa opplæring og spesialundervisning, og om krav i opplæringslova og forskrift vert oppfylte.*

Skriftleg tilbakemelding, der det vart gjort greie for dei tiltaka som vil bli gjennomførte for å retta opp avvika, vart sendt fylkesmannen innan fristen 15. september 2007.

## **Tilpassa opplæring/spesialundervisning**

Som følgje av rapporten frå fylkesmannen, har det vore føreteke nokre endringar i praksis innafor dette området. Skulane er pålagde å rapportera til skulekontoret resultata av kartleggjingsprøvene. Dei er også pålagde å utarbeida halvårsrapportar for gjennomført spesialundervisning som skal sendast skulekontoret. I løpet av 2008 vil det også bli innført ein ny felles mal for tildeling av enkeltvedtak i skulen. Dette kom på plass for barnehagane sin del i 2007. Vidare er dette området teke med i årsmeldinga frå oppvekstsjefen frå og med 2007.

## **Endring av etatsjeftittel**

I sitt siste møte før jul vedtok oppvekst/omsorg å endra etatsjeftittelen frå skulesjef til oppvekstsjef. Formannskapet følgde opp dette vedtaket i sitt møte i 22.01.08. Endringa er i tråd med det ansvarsområdet som ligg inn under etaten.

## **Skulefritidsordning**

Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular

I 2007 har det vore skulefritidstilbod ved alle skulane i kommunen, utanom Tysnes.

Ved utgangen av året var det ca. 49 elevar i kommunen som nyttar seg av SFO-tilbodet. Dette utgjer ca. 56 % av elevane i småskulen. Det vart også gjeve eit sfo-tilbod ved Uggdal skule i haustferien.

## **Kulturskule**

Mål: Utvida tilbodet til fleire uttrykk.

Aktiviteten i kulturskulen var i 2007 nesten oppe på 2005-nivå. Det har vore undervisning på: piano, keyboard, gitar, slagverk og messing/aspirantundervisning. Kulturskulen sel også timar til kor og korps.

Samarbeidet med Tysnes skule frå hausten 2007 om musikktimar på barnesteget er nytt dette året. Det er naturleg å utvikla dette samarbeidet vidare med omsyn til lærarressursar/utstyr og lokalar.

Det har vore arbeida med å utvida tilbodet i kulturskulen, men dette vil først gje seg utslag i konkrete tilbod i 2008.

## **Vaksenopplæring**

Tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktingar og innvandrarar

Aktiviteten på dette området har minka mykje i høve til tidlegare år.

Hausten 2007 vart det sett i gong vaksenopplæring for 2 personar. Ein frå Tysnes og ein frå Kvinnherad kommune. Ytterlegare ein person skulle vore med, men flytta frå kommunen like før opplæringa tok til. I løpet av hausten slutta også dei to andre av ulike årsaker slik at ein ved slutten av året ikkje hadde noko undervisning på dette området.

Tilbod om vaksenopplæring til dei som har rett til det etter opplæringslova.

Ein person har fått tilbod om undervisning i løpet av 2007.

### **Barnehage**

Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane. Alle barnehagane har laga eigne årsplanar, som m.a. syner at dei arbeider godt med den nye rammeplanen som vart gjort gjeldande frå 1. august 2006.

Kommunenivået har pr i dag ikkje kapasitet til å følgja opp det ansvaret som ligg til kommunen når det gjeld tilsyn og oppfølging av barnehagane på ein tilfredsstillande måte. Dette vil imidlertid betra seg når ein ny barnehagerettleiar kjem på plass i løpet av 2008.

### **Kapasitet**

Alle som søkte om barnehageplass fekk tilbod om plass ved hovudopptaket i 2007. I løpet av året har me òg teke inn fleire born ut over det me etter reglane har plass til. Dette har me kunna gjort ved å auka bemanninga. Det er likevel ei grense for kor langt me kan strekkja strikken, og ved utgongen av året stod 4 born på venteliste for å få plass i barnehagane i Tysnes kommune. Totalt var det 109 born i barnehagane i Tysnes ved utgongen av 2007.

### **Vurdering av barnehagestrukturen i kommunen.**

Hausten 2007 vart det vedteke å setja ned eit utval for å vurdera framtidig barneghagestruktur i kommunen. Utvalet består av 3 politikarar, 1 representant for barnehagestyrarane, oppvekstsjefen, 2 repr. for organisasjonane og 1 repr. frå tekninsk etat. Ordføraren er leiar for utvalet + rådmannen er sektretær. Utvalet vil koma med si innstilling i løpet av våren 2008.

### **Tilsyn – Miljøretta helsevern**

Etter pålegg frå Utdanningsdirektoratet har det i 2007 vore gjennomført tilsyn vedk. miljøretta helsevern i alle barnehagane og på alle skulane i Tysnes. Kommunelege 1 var ansvarleg for gjennomføringa av tilsynet og oppvekstsjefen deltok på synfaringane.

Tre av barnehagane, Reksteren, Onarheim og Vågsmarka, vart godkjende utan særlege merknadar. Det vart likevel påpeika mindre justeringar som bør vurderast.

Når det gjeld Lunde barnehage, finn kommunelegen å kunna godkjenna på vilkår fram til 01.08.08. Det same gjeld Myklestad barnehage. Begge desse barnehagane treng omfattande utbetringar om dei skal tilfredsstilla krava til moderne barnehagedrift.

### **Tilsynsrapport frå arbeidstilsynet**

Arbeidstilsynet var på synfaring i Myklestad barnehage hausten 2007. I rapporten som vart sendt kommunen i etterkant, vart det konstatert at slik barnehagen er organisert og vert drive i dag, er lokala lite eгna. Det vart vidare reist krav om utarbeiding av ein tidfesta plan for utbetring av arbeidstilhøva i barnehagen.

Kommunen har i ettertid søkt arbeidstilsynet om utsetjing for gjennomføring av pålegg til det før nemnde barnehageutvalet har kome med sin konklusjon. Kommunen har førebels ikkje motteke svar på denne søknaden.

### **Plan for kompetanseutvikling**

Det er utarbeidd plan for kompetanseutvikling i barnehagen. Denne planen gav grunnlag for utbetaling av kompetansemidlar i 2007. Totalt mottok kommunen kr. 19848 i kompetansemidlar dette året.

### **Utvikling av digital kompetanse i barnehagane**

Det har vore gjort lite på dette området i 2007. Personalalet i barnehagane har eit klårt behov for å få auka sin digitale kompetanse, og dette vil bli lagt inn som eit satsingsområde i ny strategisk plan for utvikling av skular og barnehagar i Tysnes kommune.

### **Revisjon av vedtekten**

Vedtekten for barnehagane i Tysnes vart handsama og justerte i oppvekst/omsorg i møte 13.02.07.

### **2.2.5 Samandrag**

2007 har vore eit godt år for etaten som står framfor store utfordringar i åra framover.

På barnehagesida har me hatt full dekning om me brukar definisjonen om at alle som søker ved hovudopptaket får plass. I skrivande stund er det likevel 4 born på venteliste for barnehageplass i kommunen. Det er òg eit problem at to av barnehagane ikkje tilfredsstiller dagens krav til barnehagedrift. Både Myklestad- og Lunde barnehage har behov for omfattande utbetingar om dei framleis skal nyttast til dette føremålet.

Det knyter seg difor ei viss spaning til resultatet av arbeidet i utvalet som skal sjå nærmare på barnehagestrukturen i kommunen.

Det har ikkje vore føreteke endringar i skulestrukturen siste året, men med dei store utfordringane kommunen står framfor på investeringssida, kan me ikkje utelukka at dette på ny vert eit tema i 2008. Det er elles gledeleg å kunna konstatera at Tysnes skule er i ferd med å få ei heilt naudsynt oppgradering av bygningsmassen, men framleis gjenstår det mykje før skulen framstår som moderne og teneleg.

I kulturskulen har det vore status quo, men det har vore jobba med å utarbeida nye tilbod, noko vi truleg vil sjå resultatet av i 2008. Det som framfor alt er påkrevd, er å finna fram til ein base med eigne varige lokale. Situasjonen i dag er ikkje tenleg og heller ikkje framtidseretta.

Omfanget av innvandrarundervisninga har vore minkande, men det vil truleg likevel verta trong for dette tilbodet også i åra som kjem.

Det er elles grunn til å påpeika dei avvika som fylkesmannen fann i samband med det nasjonale tilsynet. Som nemnd var det her konkludert med at kommunen *ikkje har eit forsvarleg system for å vurdera og dokumentera tilsynsområdet tilpassa opplæring og spesialundervisning, og om krav i opplæringslova og forskrift vert oppfylte.*

I svaret som vart sendt fylkesmannen, vart det peika på ei rekkje tiltak som må setjast i verk for å imøtekomma krava. Dette inneber mellom anna at det må oppretta nye og betre rapporteringsrutinar frå skular og barnehagar inn mot skulekontoret.

## 2.3 Helse- og sosial

### 2.3.1. Økonomiske resultat

1000 kr. i løpende priser

	Rekneskap 2006	Rev.b. 2007	Rekneskap 2007
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter			
Sum driftsinntekter			
Sum finansutgifter			
Sum finansinntekter			
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>43.677 '</b>	<b>44.632 '</b>	<b>45.423 '</b>
Investeringar			
Sum utgifter			
Sum inntekter			
<b>Nto. Utgifter/inntekter</b>	<b>3 '</b>	<b>0 '</b>	<b>0 '</b>

### 2.3.2 Utviklingstrekk i etaten

#### Investeringar

* Sikring rømningsvegar helse-og sosial bygg	bto	kr. 192 '
* Tysnes sjukeheim – konsulent	bto	kr. 137 '
* Hovland bu-og omsorgssenter	bto	kr. 42 '

#### Drift

Nto driftsutgifter på kr. h.k.1.3 vart kr. 45.423' mot revidert budsjett kr. 44.632', dvs. eit driftsunderskot på kr. 791'.

Tysnes sjukeheim hadde det største negative budsjettavviket med eit driftsunderskot på kr. 557' medan sosialhjelp hadde det største positive budsjettavviket med eit driftsoverskot på kr. 232'. Etaten har ikkje fått kompensert 1,4 % lønsauke og alle pensjonskostnadene for 2007.

Plan og utgreiingsarbeidet som er gjennomført i 2007:

- Opplæringsplan i helse- og sosialetaten 2007 og 2007 - 2010
- Kompetanseløftet 2015 – tilskot til opplæring av personell i helse-og omsorgsetaten i 2007.
- Verksemndsplan for helse-og sosialetaten i 2007
- Vask av tøy for Tysnes sjukeheim / vidare drift av vaskeriet ved Hovland bu- og omsorgssenter.
- Vaktmeisterteneste for å ivareta arbeid med hjelphemiddel – avtale med

Tysnes Industri A/S.

- Forprosjekt dagsenter for personar med demens
- Rehabilitering av Tysnes sjukeheim – ferdig utgreia i januar 2008.
- Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Interkommunal legevakt
- Legetenesta i sjukeheimar – lokal norm Tysnes sjukeheim
- Bufellesskap for psykiatriske brukarar
- Pilotprosjektet ”EVUK” (Etter- og vidareutdanning i kommunehelsetenesta) der 10 tilsette (sjukepleiarar, vernepleiarar, hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar) fullførte 2 ½ årig utdanning i regi av Høgskulen i Bergen.

Rekneskapen med underkot / overskot fordelar seg slik :

1.30 --	Administrasjon	kr.	-	17 '
1.31 --	Helse	kr.	-	85 '
1.32 --	Sosial	kr.	+	240 '
1.33 --	Pleie- og omsorg	kr.	-	924 '
1. 337	Psykisk helse	kr.	+	34 '
1.34 --	Tiltak for funksjonshemma	kr.	+	18 '
1.35 --	Bedriftshelseteneste	kr.	-	28 '
1.36 --	Kontakten	kr.	-	4 '

### **2.3.3. Helseavdelinga**

#### **Helsestasjonen**

I 2007 laga me to nye powerpoint - program i samarbeid med psykisk helsearbeidar. Eit om psykisk helse som vart brukt i skulen til elevar både i barneskule og ungdomsskule, og eit om ”Barn og grenser” som vart brukt på foreldremøte i barnehage. Gjennom hausten har me planlagt eit nytt vektentleg tilbod til foreldre som har barn under fem år. Dette tilbodet vil me kalla ”Bli kjendt’n” og tanken bak er at foreldra skal dela erfaringar og knyta nye kontakter. ”Blikjendt’n” er og eit samarbeid med psykisk helsearbeidar.

Me samarbeider også med fysioterapeut når det gjeld nye prosjekt som går på fysisk aktivitet/psykisk helse. Fysioterapeut har tidlegare screena alle 5md gamle babyar når det gjeld motorikk, men dette slutta me med i sommar. Me gjekk frå hausten av over til å ha fysioterapeut med i nettverksgruppene på helsestasjon i stadenfor.

Arbeid med individuell plan er noko som har auka særslig i 2007, og det krev mykje tid. Det har vore fleire henvendingar frå foreldre, men spesielt andrelinjetenesta, om at barna/foreldra har rett på hjelp til å utarbeida individuell plan. Dette har vore noko utfordrande sidan me ikkje har eigen koordinator i kommunen.

Personal-situasjonen på BUP Stord er betre, og me føler at me får meir hjelp til barn/foreldre som treng det.

Me har vore på kurs og lært å nytta både SATS og Språk 4. Dette er eit verktøy som blir nytta for å kartleggja språket til 2-og 4 åringane.

Husmorvikartenesta har fungert stabilt og bra. Det er ein del faste familier som får avlasting, men dersom det skjer noko akutt krise eller sjukdom i andre heimar, må me omrokkera på tilbodet.

## Jordmor

Det har vore eit travelt år for jordmor. Dei gravide kan no velja om dei vil gå til kontroll hjå lege eller jordmor, og dette har ført til at fleire går berre til jordmor. Sidan jordmor ikkje kan skriva ut medisin eller sjukemelding, ynskjer jordmor likevel at dei gravide har kontakt med fastlegen sin. Jordmor seier at det kjennest godt å bli bli kjendt med familien som ventar barn, og nokre treng tettare oppfylgjing enn andre.

Ho har hatt undervisning av ambulansepersonell i transportfødsel og seksualundervisning i 10. kl. med helsesøster.

Det vart halde eit foreldreførebuande kurs i 2007, og det var god oppslutnad på dette.

Kontrollar etter fødselen, som lege tok tidlegare, er aukande. Jordmor får óg fleire henvenningar frå vaksne som vil ta celleprøver eller snakka om og få råd om overgangsalder.

## Endring i personale:

Leiande helsesøster, Bjørg S. K. Torvund, gjekk ut i permisjon for eit år i juli 2007. Aslaug Singelstad gjekk inn i dette vikariatet og Snefrid Trondsen, som er sjukepleiar, fekk vikariatet til Aslaug Singelstad. Ho tok til i august-07. Jorunn Bjordal har hatt 20 % vikarstilling sidan Aslaug Singelstad framleis har 80 %.

## Tankar om 2008

Me vonar at me kan starte opp ”Blikjendt’n” i løpet av våren 2008. Me vonar på å få tilbod om interkommunal rettleiing frå Stord BUP i løpet av våren.

Me ynskjer å vektleggja kvalitetsikring av heile tenesta. Snefrid Trondsen har søkt på helse-søsterutdanning i Bergen. Det er på deltid og den går over to år.

## Ergoterapitenesta

0,6 st. kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak, funksjonsvurdering i trygdebilsaker m.m. Deltek i tverrfagleg inntaks- og rehabiliteringsmøte/arbeid og er med i demens-team. Kontaktperson for kommunen til hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeid med interkommunal synspedagogisk teneste på Stord.

Er med i interkommunalt nettverk for ergoterapeutar (Fusa, Kvam, Ølve).

Ressursutnytting/måloppnåing (tala i parentes gjeld for 2006): Tilvisingar: Om lag 78 (56). Desse er fordelt slik: Frå lokalt helsepersonell og skule 34 samt 10 frå 2. og 3.line tenesta (til saman 24 i 2006), frå brukarar 18 (16), frå pårørande 14 (19).

Ergoterapeuten har vore på 111 (115) heimebesøk, samt hatt pasientkontakt i form av oppmøte på kontoret 19 (62), og mindre saker som er ordna på tlf./brev, ca 83 (40). Ergoterapeuten har levert 45 søknader og 41 rekvisisjonar til HMS om hjelphemiddel til Folketrygda (totalt ca 70 i 2006) og 47 (34) service-rapportar til HMS på reparasjon av hjelphemiddel. Korttidsutlån av hjelphemiddel frå kommunalt lager til minst 27 (30) personar, samt minst 24 returar.

Ergoterapeuten har vore på felles synfaring med teknisk etat i omsorgs- og trygdebustader. Har delteke på nokre eksterne kurs, m.a. i tema demens.

Ergoterapeuten har måttu bruka ein del arbeidstid på vaktmeistar-relatert arbeid p.g.a. manglande vaktmeistarteneste for arbeid med hjelphemiddel på dagtid. Men dette endra seg frå 1. sept då det vart inngått ein avtale mellom Tysnes kommune og Tysnes Industri AS om at dei skulle ivareta (det praktiske) arbeidet med hjelphemiddel. Dette var ei prøveordning ut 2007, men som er vidareført ut 2008. Ergoterapeuten ser positivt på denne ordninga, sjølv om det står att ein del arbeid med opplæring og få på plass rutinar. Mottakslageret for hjelphemiddel er no på Tysnes Industri (før var det i gangen i underetasjen på sjukeheimen).

Det er minst 400 aktive hjelphemiddelbrukarar i Tysnes kommune. Samla verdi for utleveringar i laupet av 1 år frå hjelphemiddelsentralen i Hordaland til brukarar i Tysnes kommune er godt over 1 mill. kr. Totalt er det i kommunen over 2000 hjelphemiddel frå folketrygda, til ein samla verdi av minst 10 millionar.

## Fysioterapitenesta

### Bemanning

- Inga Derksen har arbeida i 60% heile året. 50% er fast og 10% er vikariat for Lene S.R. Inga vart sjukemeldt medio november 2007 og ut året.
- Lene S. Ringeling kom tilbake etter noko utvida omsorgspermisjon 24.01.07 i 80%.
- Camilla Eide arbeida i 90% vikariat for Lene S.R. fram til 24.01.07. Ho fortsatte i 20% vikariat fram til juli. Lønnsmidlane for fysioterapitenesta var dermed brukt opp for 2007.

### Drift av tenesta

Det har vore ein jamm straum av nye brukarar heile året, men ved hjelp av strenge prioriteringar i høve til pasientar med fast oppfølgjing har me klart å halda ventelista relativt kort. Trimgruppa i Peralio vart godt ivaretaken med eit stabilt stort frammøte kvar gong. Trimgruppa på Hovland blei avvikla då Camilla E. slutta, grunna lavt oppmøte og liten interesse/motivasjon hos brukarane. Me har utover dette gjort vårt beste for at bebuarar ved sjukeheimen og brukarane elles skulle ha den oppfølgjinga dei hadde behov for, og har i stor utstrekning klart dette trass i skiftande bemanning. Frå medio november vart dette likevel vanskeleg å få til grunna sjukemelding i tenesta.

Me har lagt om frå å bruka journalsystemet ProMed, til å ta i bruk CosDoc. Dette har krevd litt innsats, men me tykkjar prosessen har vore grei og mot slutten av 2007 fungerte dette godt.

### 2.3.4. Sosialavdelinga

Sosialavdelinga er no bemanna med to årsverk, fordelt på ein fast sosialleiar- stilling, ein fast 60 % sosialkonsulent- stilling, samt eit vikariat som sosialkonsulent i 40 % stilling. Sosialleiar tok til i november 2007.

I 2007 hadde sosialavdelinga 32 sosialhjelpstilfeller, det same talet som førre år. Samla utbetal stønad var kr 370 804,- der kr 11 686,- vart gjeve som lån. Me kan sjå av statistikken at det har vore ein svak auke av sosialhjelps mottakarar i aldersgruppa under 24 år, og at størsteparten av sosialhjelps mottakarane er i aldersgruppa 25 – 66 år. Tysnes kommune har i 2007 ingen sosialhjelps mottakarar som har fått stønad lengre enn 11 månader samanhengande.

Barneverntenesta mottok 46 uromeldingar, og oppretta 38 undersøkingar etter Lov om barneverntenester i 2007. I løpet av året mottok 29 barn hjelpe tiltak. Born i aldersgruppa 13 – 17 år har vore mest representert.

Alt i alt har det vore behandla 197 sakar etter Lov om barneverntenester og Lov om sosiale tenester.

### **2.3.5. Pleie-og omsorgsavdelinga**

Aktiviteten innafor pleie- og omsorgsavdelinga har stort sett vore stabil gjennom året.

#### **Personell**

Det er ei stor utfordring å rekruttera både faglært og ufaglært personell, særleg til mindre stillingar som t.d. helgestillingar i avdelinga. Samtidig har me ikkje kunna gjeve tilbod til nyutdanna faglært arbeidskraft som har ynskt å arbeida i større stillingsbrøkar i Tysnes, nokre av desse har fått arbeid i nabokommunar i staden. I bustader pu Uggdal har me fått ny avdelingsleiar frå 01.03.2007, fyrst i 1 års vikariat. Leiar ved Hovland bu- og omsorgssenter sa opp sin stilling frå juli 2007, men har vore viljig å stå til ny leiar er på plass i 2008.

#### **Kompetanseoppbygging**

Gjennom Høgskulen i Bergen har Tysnes vore med i eit 4 - årig pilotprosjekt ”Klinisk kompetansestige for helsepersonell”, EVUK, saman med 3 andre kommunar, Austevoll, Lindås og Kvam. Dette vart avslutta i juni 2007.

1 tilsett avslutta desentralisert sjukepleiarutdanning ved Høgskulen i Bergen juni 2007.

Pleie- og omsorgsavdelinga har hatt 1 lærling i omsorgsarbeidarlaget VK II våren 2007, læretid 2 år innafor helseinstitusjon, sosiale tenester og heimebaserte tenester, ho avslutta med fagprøve september 2007. Ingen søkjavar til lærlingestillingane frå hausten 2007.

Me har frå hausten 2007 starta opp med 1 lærling frå TAF helsefag ved Fusa vidaregåande skule, eit 4-årig oppligg i vidaregåande skule, som vert avslutta med fagprøve. Vedkomande skal kombinera skule/theori og praksis. 1. praksisår er på Tysnes sjukeheim.

Det er frå 2007 gjeve tilbod om kvalifisering av ufaglærte vaksne til helsefagarbeidar ved Fusa vidaregåande skule gjennom Kompetansemidlar, fleire får tilbod i 2008.

Psykiatritenesta gav tilbod om kompetanseheving innan psykisk helsearbeid til heimehjelparene i kommunen. Det var til saman 3 kursdagar, 12 skuletimar. Det har kome positive tilbakemeldingar frå kursdeltakarane på kurset.

Leiarar i helse- og sosialetaten har delteke på møte med Fylkesmannen om ”Nytt og Nyttig om Omsorgsplan 2015”, 26. - 27.11.2007.

#### Samarbeidsutval Helse Fonna

Pleie- og omsorgsavdelinga er med i Samarbeidsutvalet i Helse Fonna for Stord sjukehus og kommunane Stord, Bømlo, Kvinnherad, Fitjar og Tysnes.

#### Tysnes sjukeheim

Innkjøp:

Kjøpt inn 4 nye senger, 7 nye nattbord, 3 nye PC ar, ymse hjelpe midlar.

#### **Kompetanse:**

- EVUK prosjektet fullført med 4 deltakrar.
- Kurs for 20 tilsette i NOKLUS, kvalitetssikring av laboratoriearbeid.
- Leiarar og tillitsvalde fått opplæring på Shift Manager, timelistefunksjon.
- 3 tilsette har delteke på temadag om demens ved Olaviken.
- Avdelingsleiar ved miljøeining delteke i nettverk demens, og kommunalt demensteam.
- Midlane til opplæring og kompetanseheving er så små at vi har ikkje sett oss i stand til å oppnå måla våre innan dette viktige feltet.

#### **Rekruttering fagpersonell:**

Tilgongen på sjukepleiefagleg kompetanse har vore god dette året. Fleire sjukepleiarar ynskjer seg heil stilling, men vi har mest mindre stillingsstorleikar å tilby. Dette har ført til at enkelte fagpersonar har fått arbeid i andre kommunar. Samstundes opplever me at me slit med å rekruttera i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane. I periodar har det vore på grensa av det forsvarlege når det gjeld personelldekking på helg.

Sjukeheimen deltok på yrkes- og bedriftsmessa for å fremja rekruttering til faget i ungdomsgruppa.

Me har starta opp med ein lærling frå TAF helsefag ved Fusa vidaregåande skule.

#### **Arbeidsmiljø:**

- Mange senioravtalar med tilsette, der me prøver å leggja til rette for å stå i arbeid ut over 62 år.
- Mange arbeidstakrar med helsetilpassingar som inneber lettare arbeidsoppgåver. Positivt for dei det gjeld, men kan føra til auka sjukefråvær, auka belastning for øvrige personale, og gjer det vanskeleg å gå utan vikar ved fråvær.
- Samarbeidet omkring IA arbeidet frå legesida kunne vore betre når det gjeld sjukmelding/eigenmelding, vurdering av arbeidsevne vs arbeidsoppgåver og liknande.
- Det er innført ordning for at institusjonen held arbeidstøy, noko som er svært godt motteke av arbeidstakarane.

#### **Økonomi:**

Underskot i rekneskapen på kr 557 ' skuldast både overforbruk lønsmidlar og auka pensjonsinnskot. Me vurderer heile tida strengt inntak av vikarar ved alle slags fråvær. Senior- og helsemessige omsyn gjer at me oftare enn før likevel må ta inn vikar. Mange arbeidstakrar over 60 år fører til meir ferievikarutgifter. Det vert store utgifter til overtid grunna vakante stillinger, særleg helg. Det er ikkje budsjettert vikarbruk ved avspasering og høgtidsturnus. Me har innført Shift Manager til timelistefunksjonen dette året.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nytta korttidsplassane til å trena opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Me har ikkje venteliste på langtidsplass for brukarar med behov for det. Dette fører til ledige plassar i periodar, og lavare eigenbetaling under 60 døgn, dermed mindre inntekter.

### **Inneklima:**

Me har slite med kulde i bygget heile den kalde årstida dette året og. Både bygget og inventaret ber preg av slitasje.

Ymse:

Ei prosjektgruppe har i 2007 arbeidd med plan for rehabilitering av Tysnes sjukeheim, ferdig utgreia januar 2008. Dette blir ei viktig sak framover.

### Hovland bu- og omsorgssenter

- Hovland bu- og omsorgssenter er base for heimetenestene i område 1.
- Hovland bu- og omsorgssenter, og tilbodet vidare i tidlegare aldersheimsbygget, er bufellesskap, med leige av hybel og tilbod om tenester som heimesjukepleie, heimehjelp, tryggleiksalarm, vaskeriteneste, kjøp av måltid m.m. Det kan bu inntil 5 bebuar i bufellesskapet, og det har variert med talet bebuarar på 3 - 5 personar gjennom året.
- Kjøkkendrifta er oppretthalden på same nivå som tidlegare.
- Tysnes Industri overtok vaskeridrifta f.o.m. 01.07.07, og vaskeriet vart flytta til Eredalen hausten 2007.

### Heimetenestene

- Helsetilsynet i Hordaland var på tilsyn av heimetenesta til eldre som bur i eigen bustad eller omsorgsbustad i Tysnes kommune den 22.11.07.

Tema for tilsyn var:

- dekking av grunnleggjande behov som tilstrekkeleg og forsvarleg ernæring.
- sakshandsaming ved søknad om og tildeling av tenester.
- Journalføring.

Tysnes kommune fekk gode tilbakemeldingar på tenesta til brukarane, journalføring og sakshandsaming.

Tysnes kommune fekk meldt 2 avvik som gjeld styringssystemet som skal rettast opp:  
Avvik 1: Tysnes kommune har mangelfulle rutinar for å avdekka og følgja opp ernæringsproblem hos brukarar av heimetenesta.

Avvik 2: Tysnes kommune har ikkje eit fungerande avviksystem.

Det blir i 2008 arbeidd med å lage skriftlege prosedyrar på begge desse to områda.

### Personell

I heimesjukepleien fekk me styrka tenesta med 2 x 50 % nye stillingar for sjukepleiarar, ein først i 25 % frå 01.01.07 seinare auka opp til 50 % av psykiatrimidlar, den andre 50 % frå 01.05.07.

Det har vore noko sjukdom og vakanse i personalgruppa i heimesjukepleie og heimehjelp, men ein har greidd å skaffe vikar og tenesta for brukarane har vore stabil.

I 2007 har det om igjen vore arbeidd med å få ein leiarstilling for heile heimetenesta i Tysnes kommune, dette har vore ein lang prosess gjennom mange år. Då leiar ved Hovland bu- og omsorgssenter sa opp i 2007, vart denne ledige stillingsheimelen omgjort til leiar for open omsorg i heile kommunen, person er tilsett og vil vera på plass frå 01.04.2008.

Totalt brukarar av heimehjelp og heimesjukepleie pr. 31.12.07.

Heimetenestene, med heimehjelp og heimesjukepleie er delt inn i 2 område.

- Område 1 Onarheim / Nymark: ca 30 brukarar
- Område 2 Tysnes - Lunde - / Uggdal - Flatråker - Reksteren: ca 110 brukarar
- BPA, brukarstyrt personleg assistent: 2 brukarar
- Omsorgsløn: 9 personar

### Tryggleiksalarmar

Tysnes kommune har samarbeidsavtale med Hjelp 24 Trygghetsalarm A/S pr. 31.12.07:

- Avtale om 45 alarmar til utleige, talet blir utvida ved behov, og har variert mellom 45 - 50. Tryggleiksalarmar vert utleidt til sjølvkostpris, og dei som søker og har behov får dette innvilga.

### Trygde- og omsorgsbustader og bustader for psykisk utviklingshemma

Kommunen disponerer 55 bueiningar til utleige.

- Trygdebustader: 12
- Omsorgsbustader: 32
- Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Det var 3 ledige omsorgsbustader på Hovland pr. 31.12.07.

### Bustader pu Uggdal og Vågsmarka

- Ei prosjektgruppe har arbeidd med å sjå på årsaker til sjukefråværet, og finne alternative tiltak for å løysa dette. Arbeidet har førebels ikkje gjeve synlege resultat i høve denne problematikken.
- Ein person med psykisk utviklingshemming flytta frå Kvinnherad kommune til eigen bustad i Tysnes november 2006, og har i 2007 fått innvilga søknad om personleg assistanse.

Det følgde ingen midlar med frå Kvinnherad kommune for brukaren, men Tysnes fekk noko ekstra midlar frå Fylkesmannen.

- I bustader pu Uggdal har me fått ny avdelingsleiar frå 01.03.2007.
- I både bustader pu Uggdal og Vågsmarka slit ein med driftsunderskot på budsjettet.
- Tenestemottakarane er blitt eldre og dei treng at personalet er til stades i større grad. Bustaden har fått ein ny tenestemottakar meir å følgje opp og sjå til i helgane.
- Ein tenestemottakar flytta frå trygdebustad i Vågsmarka til ledig husvære i bustader for psykisk utviklingshemma i Vågsmarka 1. februar 2007.
- Avdelingsleiar, nestleiar og tillitsvald var 2 dagar på turnuskurs på Stord.
- Det er stor mangel på vernepleiefagleg kompetanse i bustaden.
- Det er stort sjukefråvær i personalgruppa, både på grunn av slitasje og aldersrelaterte plager.
- Det er kjøpt inn skrivepult og 6 stolar til kontoret.
- 4 tenestemottakarar har vore 1 veke til Syden, i lag med pårørande / personale.
- 2 tenestemottakarar var til Halsnøy på leir i juli.
- 3 ekstra kvilande nattevaktstillingar er skipa som faste stillingar på ein tenestemottakar.

#### Dagsenteret pu

Dagsenteret flytta inn i andre høgda i Grendatun i juli 2006.

Utanom dagsenteret har me aktivitestilbod på kafeen i fyrste høgda og på vedcentralen på Myklestad.

Personalsituasjonen: Det vart tilsett ny leiar i oktober 2006.

Utanom leiaren arbeidar desse:

1 miljøarbeidar i 100% fast  
1 assistent i 62% fast  
1 assistent i 24% som blir fast frå 2008.02.25  
2 a 32% stillingar som vert overført til bustad frå 2008.  
1 32% (ny stilling) frå 2007 på grunn av ein krevjande brukar.  
Me har hatt ein person på arbeidstrening dette året.

Ein medarbeidar er ute i permisjon på grunn av anna arbeid.  
To medarbeidrarar har vore langtidssjukemelde på grunn av svangerskap. Vikarsituasjonene har vore tilfredstillande.

Brukbarar:

14 brukarar har tilbod om plass. 13 brukarar nyttar seg av tilboden.  
Fleire brukarar har fått utvida tilboden sitt (antall dagar) i 2007.  
Ein person hadde vaksenopplæring, der dagsenteret har halde lokale.

Miljø:

Me har utarbeidd målsetjingar for arbeidsplassen vår. Denne har me fokus på og alle gjer sitt beste for eit godt arbeidsmiljø.

Utført 2007:

Me har bytt ut dei gamle skulestolane med nye, fargerike.  
Me har ferdigstilt sanserommet. Dette kan brukast av andre.  
Me har innreia eit rom som kan nyttast til musikk/pause og møte.  
Me har utvida opningstidene på kafeen til kvar vekedag. Dette har ført til auka omsetjing og faste bestillingar.

Ynskje:

Me har gjennomført verksemmdplanen med innkjøp av sløkke/evakueringsurstyr, gjennomføring av brannøving med meir. Me har ikkje lukkast i å komma inn under den kommunale vaktmeisterordninga. Dette har medført at me har måttå brukta midlar tiltenkt utstyr til kjøp av vaktmeistertenester. Etter at me utvida kafédrifta er personalsituasjonen pressa. Her har me prioritert dei unge brukarane. Utan meir ressursar må me evaluera dette opplegget.

## **Psykisk helsevern**

- I 2007 fekk me overført kr. 2 266 000 som øyremerka midlar til psykisk helseteneste. Av desse var ca. kr 36 000 unytta og overført til 2008. Fylkesmannen i Hordaland har motteke og godkjent rapportering i 2007.
- Handlingsplan for psykisk helseteneste for 2008 – 2011 er rullert og innlemma i kommunal økonomiplan, vedteke des. 2007.
- Tenesta vart utvida med 50 % stilling som psykisk helsearbeidar frå og med febr. 07.
- I samband med dette, har aktivitetssenteret i Våge utvida tilbodet med å ha ope to faste dagar i veka. I tillegg har ”Torsdagsturen” gått som før.
- Ved hjelp av øyremerka midlar til psykisk helseteneste vart det òg oppretta ei stilling som sjukepleiar i heimetenestene, først 25 % frå 01.01.07 og utvida til 50% stilling frå 01.09.07.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge sa opp stillinga og slutta 30.april 07. Nytilsett psykisk helsearbeidar for barn og unge, grunnutdanning som barnevernspedagog, tok til i stillinga medio juni 07.
- Nytilsett psykisk helsearbeidar for barn og unge tok til med vidareutdanning ”Rus og psykiatri” ved Høgskulen i Bergen august 2007, planlagt avslutta juni 2008; 30 studiepoeng.
- Ambulerande team ved DPS – Stord har gjennomført ein samarbeidsdag med Tysnes kommune ein dag for månaden. Ambulerande team kjem då til Tysnes for samtale, rettleiing eller pasientvurdering.
- Medio november 20007 arrangerte psykisk helseteneste fagdag for lærarar, helsesøstre, barnevern og psykisk helsearbeidrarar i temaet: ”Psykiske lidingar hjå barn og unge”; Foredragshaldar; psykologspesialist Inger Johanne Moe, ca. 35 deltakarar.
- April 2007 arrangert psykisk helseteneste intern ( helsestasjon, barnevern, sosialavdeling og psykisk helseteneste) fagdag i opplæring og bruk av individuell plan.
- November/desember 2007 arrangerte psykisk helseteneste eit 12 timars kurs for heimehjelparar (11personar) i kommunen. Kurset fekk støtte frå ”Kompetanseløftet”. Me fekk hjelp til undervisninga frå ambulerande team ved DPS – Stord.
- Brukarorganisasjonane Mental Helse Sunnhordland og LEVE – Fonna lokallag fekk støtte med kr. 4000,- kvar ( til saman kr. 8000,-) i 2007.
- 9 vaksne brukarar har gjennom året fått tildelt støttekontakt, mange har i år fått tildelt fleire timer enn før.
- Barn og unge som treng støttekontakt får tildelt dette gjennom sosial – og barnevern.
- Me har i 2007 gjort ei utgreiing om behovet for bufellesskap for psykiatriske brukarar. Dette er framlagt for utval ”Oppvekst og omsorg”.

Ressursutnytting:

Me har i 2007 ca. kr. 36 000,- av dei øyremerka midlane som me ikkje har nytta. Dette skuldstast fleire forhold. Stillinga som psykisk helsearbeidar 50 % var planlagt oppstart januar 2007, men vedkommande tok til februar 2007. Me fekk oppseing i stillinga som psykisk helsearbeidar for barn og unge. Det førte til ei overlapping på 1.5 mnd utan tilsette i stillinga. Vedkomande som vart tilsett, har førebels ikkje vidareutdanning, noko som fører til lågare lønskostnader. Det har i 2007 og vore lågare lønskostnader på helsesøster som er løna av øyremerka midlar. Vedkomande som er tilsett i vikariat, har førebels ikkje vidareutdanning som helsesøster.

## 2.4 Landbruk og teknisk etat

### 2.4.1. Organisasjon

Også i år er årsmeldinga delvis sett opp slik den vart laga til samfunnsdelen i kommuneplanen. Sjølve handlingsprogrammet er delvis i skjemaform, og det krev stor plass slik at me heller ikkje i år har klart å halda oss innanfor 10 sider frå vår etat

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde med kvar sin avdelingsleiar: jordbruk, skogbruk, brann- og byggjesak, kart og oppmåling, og kommunalteknisk drift for bygg og eigedom.

#### Årsverk og tilsette

	Faktisk 2002	Faktisk 2003	Faktisk 2004	Faktisk 2005	Faktisk 2006*	Faktisk 2007	Plan 2008
Adm.	1,08	1,08	1,15	1,05	1,20	1,20	1,20
Jordbruk	3,48	3,48	3,48	3,13	3,125	3,125	2,125*
					*		□
Skogbruk og vilt	0,62	0,62	0,62	0,62	0,30	0,30*	*?
Kart og oppmåling	2,0	2,0	2,0	1,90	1,90	2,00	2,00
Brann og feiing	2,2	2,2	2,2	2,20	2,275	2,275	2,275
Byggjesak	2,05	2,55	2,55	2,50	2,30	2,30	2,30
Bygg og eigedom	4,1	4,05	4,05	3,85	3,85	3,85	3,85
Tysneshallen				0,30	0,30	0,20	0,20
Drift av gravplassar	0	0	1,1	1,10	1,10	1,10	1,10
Veg	2,0	2,2	1,15	1,20	1,20	1,20	1,20
Vatn, avløp, renovasjon og slamtøming	1,9	1,77	1,70	1,65	1,65	1,65	1,65
Sum årsverk	19,5	20,0	20,0	19,5	19,20	19,20	17.90+*

\*□ Landbruksvikar overført til landbrukstenester Folgefonna.

\* 0,3 fram til 1/5-07. 0,5 resten av 2007. Pr. 3/3-08 avslutta samarbeid med Stord/Fitjar.  
Uklårt vidare.

\*\* Ved siste del av året, reduksjon skog og vilt frå 1/5, og endring forkontor frå 1/8-2006  
0,3 av 19,5 stilling er nytta og finansiert av "Tysneshallen" i 2006. Frå 2007 er denne  
redusert til 0,2.

## **2.4.2 Politisk aktivitet**

Vert presentert under kvart fagområde.

## **2.4.3 Økonomisk resultat. Drift og Investeringar**

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av Rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

### **Kommunen har vedteke eigne planar for:**

Hovudplan for skogsvegar 1999.  
Trafikkrafikksikringsplan 2001 – 2004  
Hovudplan for vassforsyning 2000 – 2004  
Hovudplan for avløp 2000 – 2005  
Landbruksplan 2004

Avfallsplan for SIM 2000 - 2003  
Kystsoneplan  
Risiko- og sårbarheitsplan  
Oversiksplan for skogbruket.  
Kommuneplan 2003 – 2015

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar.

### **Samandrag**

Det vert vist til årsmelding under kvart fagområde.

#### **Bygg og eigedom:**

Det er framleis sparepotensiale på energiforbruk. Fleire tiltak bør vurderast. Prioritering av tiltak på bygg- og eigedom vert i stor grad styrt av eksterne pålegg frå arbeidstilsynet, miljøretta helsevern, og brannsyn. Rehabilitering og fornying av alle kommunale bygg bør sjåast i samanheng med strukturasjonalisering av byggbruk..

#### **Renovasjon, slam og avløp:**

Innanfor dei fleste område er det behov for planar, eventuelt fornying.

#### **Vassforsyning:**

Ingen vassverk har reservevasskjelde slik hovudplanen for vassforsyning seier. Alle vassverk utanom Lunde har vasskjelde frå overflatevatn. Lunde vassverk får vatn sandfiltrert. Det er ikkje klårlagt om denne kjelda har kapasitet i ROS samanheng. Det bør vurderast om kommunen skal vera meir aktive i forhold til samordning mellom vass-laga og gjennomføring av tiltak i hovudplanen.

#### **Kommunale vegar, kaier og bruer:**

Det manglar planar for desse områda. I kva grad skal desse områda prioriterast i forhold til planar og tiltak.

#### **Landbruk:**

Staten har tilført landbruket kr.330.000 i "SMIL OG NMSK. Midlar", og kr.72.400 til skogkultur.

Etter opplegg frå Staten vert landbruksvikarordninga overført frå kommunen til avløysarlag. Tilskotordninga vert auka frå kr. 78.750 til 363.000. Dette vil koma gardbrukarane til gode. Samarbeid med Stord og Fitjar miljø- og landbrukskontor har fungert godt, men er slutt pr.1/1-08. Kommunen må straks få på plass ny fagkompetanse som kapasitetsmessig står i forhold til det me må ha, og det som det politisk er semje om.

### Areal- og byggjesaker:

Sjølv om me kanskje aldri kjem à jour innan saksfeltet, er det likevel for tida tilfredstillande. På plansida har me svært liten kapasitet og er avhengig av konsulentkjøp. Med ny planlov frå 2009 vil me få nye utfordringar.

### Brannvern og feiing:

Det har vore lagt ned mykje arbeid på denne sida dei siste åra, og brannsjefen har for første gong fått positive signal frå det overordna tilsynet. Likevel har me fleire utfordringar i åra som kjem.

Det vert sett store krav til opplæring innan brann og feiing. Kommunen er godt i gang med opplæring, men har framleis mykje att.

### Kart og oppmåling:

Innan dette fagområde er kapasiteten minst i forhold til oppgåvene som ligg til dette faget. Det skjer stadig nye ting innan samarbeid om kartegging. Nye lover og forskrifter og ikkje minst geografisk informasjonssystem (GIS). Dette går i stor grad ut over oppmålingskapasiteten. Pr. d.d. ligg det 89 oppmålingsaker på vent. Dette sett opp mot snart lovpålagede tidsfristar, må kommunen sjå seg nøydd til å kjøpa oppmålingstenester. Totalt er det no 27 ledige tomter i kommunale byggjefelt, derav 6 i Vågsmarka 5.

### Bygg og eigedom, kommunalteknisk drift

Den verbale handlingsplanen i kommuneplanen er ikkje rullert i 2006, med oppsetjing av nye mål for 2007, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovudsak relatert til økonomiplanen.

<b>Kommuneplan – 2003 - 2015 Handlingsprogrammet / Økonomiplanen 2007</b>	<b>Årsrapport 2007 Resultat</b>	<b>Evaluering, eventuell omprioritering til neste handlingsprogram</b>
<b>DIVERSE PROSJEKT</b>		
<b>Bustader for unge / Flyktningbustader</b>	Prosjektet lagt på is i 2005 Og er ikkje teke opp att	Lånereserven brukt til finansiering andre prosjekt.
Energisparande tiltak ENØK-Prosjekt 2003 / 2004 Deltakande bygg : Tysnes skule, Uggdal	Prosjektrapport lagd fram Registrering og rapportering av straumforbruk tom 2008.	Det er vanskeleg å vurdera målkriteriet i prosjektet.  Utbygging av tekniske anlegg, auka bruk av data-

<p>skule, Onarheim skule, Lunde skule, Rådhuset, Tysnes sjukeheim, Hovland bu- og omsorgssenter, Uggdal kyrkje</p> <p>MÅL : 20% straumreduksjon med enkle tiltak.</p> <p>Vågsmarka barnehage vart målt utanom og viser stort sparepotensiale.</p> <p>Vinst berre ved fokusering på straumbruk er sett til 10 %</p> <p><b>Energiplan</b></p> <p><b>SD-anlegg / Straumstyring</b></p>	<p>Målt mot energibruk i 2002 vart reduksjonen i 2003 – 20% ( 548 864 kWh – temperaturkorrigert)</p> <p>2004 – 18 % ( 489 264 kWh – ikkje temperaturkorrigert)</p> <p>2005 - 5%</p> <p>Ikkje temperaturkorrigert</p> <p>2006 – 14,4 %</p> <p>Ikkje temperaturkorrigert</p> <p>2007 - 10.3%</p> <p>Ikkje temperaturkorrigert</p> <p>Utsett i 2005 etter råd frå Tysnes Kraftlag.</p> <p>Ikkje gjennomført tiltak i 2007</p>	<p>utstyr, meir utstyr som krev straum aukar forbruket.</p> <p>Det er vanskeleg å få byggbrukarane til å slå av straumbrukande utstyr som datautstyr, det er auka krav til komforttemperatur, og gammalt utstyr ”stel” straum.</p> <p>Middeltemperatur 2007 var + 9,6, i 06 + 10.4 og i 05 +9,2</p> <p>Med kostnadsutviklinga på energisektoren bør ein vurdera å etablera kommunal energiplan i 2008 med tanke på alternativ energibruk i bygga og energisparande tiltak.</p> <p>Står att å komplettera anlegga på Rådhuset og Lunde skule samt etablera anlegg på Onarheim skule og erstatta havaret anlegg i Vågsmarka barnehage..</p>
<p>PCB Sanering <b>Ljosarmaturar</b></p> <p>Vindauge</p>	<p>Sanert i Tysnes skule samt fjerna kondensatorar på Uggdal skule. Har ikkje att PCB-kondensatorar i kommunale bygg no.</p> <p>Ikkje tiltak i 2006</p>	<p>Etter krav frå Fylkesmannen</p> <p>Vart Resttiltak gjennomført som spesielt tiltak på Tysnes skule og Uggdal skule.</p> <p>SFT aksepterte ikkje å samordna med framdrift rehabilitering Uggdal skule.</p>
<p>Parkeringsplass og tilkomstveg Vågsmarka PU / Barnehage</p>	<p>Ikkje utført.</p>	<p>Ikkje fullfinansiert i ØKP 2007 - 2010. Vurdera å samordna med ny tilkomst Vågsmarka og Vågsmarka 6</p>
<p>Klyppeutstyr Grøntanlegg/Gravplassar</p>	<p>Innkjøpt i 2007 under drift</p>	
<p><b>ADMINISTRASJONSBYGG</b></p> <p>Me har gjennomført årleg internkontroll med tiltak innan brannsikring, El-sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarman-</p>		

legg,		
<b>Rådhuset</b> Branntryggleik 100 Hindringar "Betre tilkomst til offentlege bygg for alle"	Arbeid starta opp i regi av rådmannen Vart ikkje prioritert i 2007	Står att å få på plass rutinar for brannøving Tiltaka bør vidareutviklast og gjennomførast / samordnast seinast med etablering av NAV kontor.
Ventilering og varme / solskjerming - legekontor	Vart ikkje prioritert i 2007	Bør samordnast med tiltak i samband etablering NAV
<b>Tinghuset</b> Vedteke å selja huset	Ikkje gjennomført i 2007	Lagerplass i kjellar må kompenserast. Nytta delar av arealet som ny tilkomst sjukeheim.
<b>SKULEBYGG</b> Har òg i 2007, på generelt grunnlag, reist spørsmål om strukturasjonalisering av byggbruk og rehabilitering/fornying av skule/barnehagebygga i samband med økonomiplanarbeidet. På Tysnes skule er det mykje skadeverk på bygget og misbruk av brannvarslingsanlegget. Fleire tilhøve er meldt til lensmannen. Utvikling med meir skadeverk i småskulane. Me har gjennomført årleg internkontroll med tiltak innan brannsikring, El,sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg.		
<b>Lunde skule</b> Brann- og El-dokumentasjon  Utvida skuleplass og parkeringsplass  Utbetring akustikk storstova  Akustikk gymsal	Sikringstiltaka gjennomført  Ikkje i ØKP for 2007 - 2010  Gjennomført i 2007  Ikkje i ØKP for 2007 - 2010	Godt sikra anlegg her.  Samordna tiltak med skule- og barne hagestruktur  Driftsmidlar  Ikkje pålegg. Bør tiltak
<b>Uggdal skule</b> Rehabilitering Arbeidstilsynet - Innemiljø Frist : 31.12.2007.	Utsett til 2008/2009 Kravspes for konsulentarbeid ferdig innan 31.12.07	Finansiert ØKP 2006 – 2010 Del av vurdering skule- og barnehagestruktur
<b>Uggdal skule</b> Rehabilitering Arbeidstilsynet -	Utsett til 2008/2009 Kravspes for konsulentar-	Finansiert ØKP 2006 – 2010

Innemiljø Frist : 31.12.2007.	beid ferdig innan 31.12.07	Del av vurdering skule- og barnehagestruktur
<b>Tysnes skule</b> Utviding kapasitet kontor for lærarane - Arbeidstilsynet Frist : 01.08.2007.  Ombygging elevtoalett ungdomsskule,  Miljøretta helsevern pålegg Frist : 01.08.2008  Rehabilitering barneskule, gymsal /kulturskule, sym-jehall elevtoalett jenter barneskule	Gjennomført loft ungdoms-skule og 2 klasserom barnesteget.  Finansiert investering 2006  Vedkomande mus på skulekjøkenet og generell standard underetasjen i barneskulen  Delfinansiert planarbeid for bruk av skulen Investering 2007	Finansiert Invest.2007 Me rekk å stetta dette krevet  Utsett til 2008, tiltak kontor prioritert.  Vert prioritert framføre andre tiltak i 2008 og som ikkje er pålegg.  Er utsett til vurdering skule- og barnehagestruktur
<b>Onarheim skule</b> Arbeidstilsynet - Innemiljø Frist : 31.12.2008.  50 årsfeiring  Rehabilitera overflater inne og ute, nye vindauge og energisparande tiltak	Prosjekt 2009 Utsett pga forskyving Uggdal  Pussa opp korridorar, brann-sikra og delar av fasade.  Ikkje finansiert	Finansiert i ØKP 2008 – 2011  Finansiert drift m/ kr 68285 eks mva.  Ikkje vurdert i eller finansiert som del av Prosjekt 2009
<b>BARNEHAGAR</b> Har på generelt grunnlag reist spørsmål om strukturrasjonalisering barnehage /skule Er oppretta prosjektgruppe som skal sjå på barnehage- og dels skulestrukturen i kommunen  Me har gjennomført årleg internkontroll med tiltak innan brannsikring, El,sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg,		
<b>Myklestad barnehage</b> Pålegg Arbeidstilsyn 2007 Frist : 15.01.2008  Nytt kjøken 2 etasje	Ikkje eigna til barnehage Oppretta prosjektgruppe barnehagestruktur. Delfinansiert 2008–2011: Gjeld barnehage generelt.  Montert 2007	Prosjektgruppa skal koma med råd innan 01.mai.2008. Sjå i samanheng skule og sjukeheim  Finansiert tilskot
<b>Lunde barnehage</b> Sikringstiltak etter brann og Eltilsyn	Ferdigstilt 2007	Finansiert Invest. 2006

Ny port og ytterdør  Arbeidstilsynet har i samband med pålegget på Myklestad, uttal at dersom Lunde barnehage har same problem som Myklestad, vil pålegget og konklusjonen bli den same	Montert 2007  Prosjektgruppa skal sjå på heile barnehagestrukturen.	Finansiert drift m/ kr 9995 eks mva  Prosjektgruppa skal koma med råd innan 01.mai.2008. Sjå i samanheng skule og sjukeheim
<b>Vågmarka barnehage</b> Vøling havarert SD-anlegg  Uteområde  Oppussing inne	Ikkje finansiert i 2007  Finansiert avsett løvning  Ikkje finansiert 2008 – 2011	Vurdera alternativ styring  Tiltak tenkt 2007 men utsett av omsyn til prosjektgruppa sitt arbeid med barnehagestruktur.
<b>HELSE – OG SOSIALBYGG</b>		
Har på generelt grunnlag reist spørsmål om strukturrasjonalisering sjukeheim/bu- og omsorgssenter/omsorgsbustader/trygdebustader/PU- bustader/dagsenter. Me har gjennomført årleg internkontroll med tiltak innan brannsikring, El,sikring, førebygging Legionella, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg, heiseanlegg og alarmanlegg,		
<b>Hovland bu &amp; omsorgscenter</b> Tilkomst og parkering og kjøp av grunn  Ny bruk som bu- og omsorgssenter  Rehabilitering fasadar, ventilasjonsanlegg, Enøk-tiltak og utskifting vindauge i bustaddelen  Kjøle-/fryseaggregat kjøken	Saka lagt på ”is” til klarlagt vidare behov og bruk  Ikkje gjennomført av omsyn til vurdering struktur / relasjon sjukeheim.  Desse tiltaka er Ikkje finansiert i ØKP 2008 – 2011  Skifta 2007	Tilkomst bør ordnast der som vidare kommunal bruk.  Oppussing 5 rom m/ bad finansiert i 2007 5 rom m/bad att, som ikke er pussa opp. Del av vurdering struktur / relasjon sjukeheim.  Finansiert av HB&O-senter M/ kr 22400 eks.mva
<b>Tysnes sjukeheim</b> Rehabilitering eldste delen, forprosjekt og gjennomføring  Tiltak etter ØKP 2008 – 2011 er lagt inn i prosjektet	Ny prosjektgruppe arbeidet med saka i 2007.  Rapport levert rådmannen 25.01.2008  Driftstiltak 2007	Vidare framdrift klargjørast i kommunestyret i juni 2008.  Alle vesentlege tiltak stoppa til nytt vedtak.

Oppussing etter ny lekkasje på styrarrom og i korridor  Brannsikring	Dørpumper, 2 nye dører er MÅ - Tiltak 2007	
<b>Omsorgs- / trygdebustader</b> Oppussing husvære. Dei eldste byrjar bli sletne og må rehabiliterast  Utvendig vask/soppsprøyting og maling i eigenregi  Trygdebustader Hovland Trygdebustader Uggdal Trygdebustad Vågsmarka  Omsorgsbustad Vågsmarka	Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010 Var med i ØKP 2006 - 2009  Værtilhøva stoppa maling ute i 2006 og 2007  1 husvære pussa opp Skiftet dører og bereder Ventilatorar, 2 berederar og pussa opp 1 husvære Ombygging 1 husvære + bod	Me har 44 slike bustader: 12 Trygdebustader - eldst 21 Omsorgsbustader 6 Omsorgsbustader på loft aldersheimen 5 Omsorgsbustader på loft sjukeheimen  Finansiert drift kr 45114 eks Finansiert drift kr 23912 eks Finansiert drift kr 49832 eks  Finansiert helse - og sosial
<b>PU – bustader</b> Utvendig vask/soppsprøyting og maling i eigenregi  PU Uggdal sprinkla bygget.  Drenering og litt oppussing  PU Vågsmarka  Årleg oppussing tak/ vegger/ belegg  Ventilasjonsanlegg m/ varmegjenvinning type Villavent e.l.	Værtilhøva stoppa maling ute i 2006 og 2007  Ferdig 2007.kr 179764 eks finansiert investering Finansiert drift kr31930 eks  Ny dør og skjermingstiltak  Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010 Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010	Me har 11 slike bustader 6 eininger og kontor i Våge 5 eininger, kontor og fellesrom i Uggdal  Finansiert drift kr 16812 eks  Bør ha post på årleg budsjett  Bør gjennomførast
<b>Gjennomgangsbustad</b> Oppussing  Utvendig maling		Me har 2 husvære til utleige. Det er sterk slitasje på dette bygget og det bør årleg setjast av sum til oppussing  Må truleg målast att 2008/09 samt vurdera å

		skifta noko kledning. Ikkje finansiert,
<b>Personalbustad</b> Prestebustad Uggdal inkl hybel El-anlegg tiltak etter tilsyn 2006	Tiltak driftsfinansiert 2007 med kr 8034 eks mva	Me har 2 husvære til utleige
Brannsikring	Ikkje tiltak 2007	Gjeld slokkemidlar og røykvarslarar Kledning søre veggen bles snart av.
Skifte tak, vindauge og råten kledning, male ute, samt oppussing	Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010	
<b>Personalbustad</b> Legebustad Våge El-anlegg tiltak etter tilsyn 2006	Tiltak driftsfinansiert 2007 med kr 5468eks mva	Me har 1 husvære til utleige
Brannsikring	Ikkje tiltak 2007	Gjeld slokkemidlar og røykvarslarar
Sanitæranlegg	Skifta bereder og dusjkarabinett	Driftsfinansiert 2007 med kr 13624 eks mva
Oppussing husvære inne / ute	Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010	Bør gjennomførast ved utflytting noverande leigetakar

<b>RENOVASJON, SLAMTØMING, AVLØP OG VASSFORSYNING</b>		
<b>Renovasjon</b> Hovudplan 2000 – 2003	Ikkje arbeid i gang	Hovudplan forelda og bør fornyast i regi av SIM
<b>Slamtøming private</b> Slamtømerunde hus og hytte	Ikkje tømerunde i 2007 Kommunen sine store anlegg vart ikkje tømt	SIM vert fortløpande purra utan reaksjon.
<b>Avløp kommunalt</b> Hovudplan 2000 – 2005	Planen ikkje revidert i 2007 Prioritert 1 er sanering kommunale kloakkar i området Eidet - Reiso.  Hovudkloakk Våge – Reinseanlegg og sanering øvre Klokkargarden  Vee/Teigland og Gjerstadneset - Lokal ureining frå private kloakkanelegg.  Avløp separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø – Plan for miljømål ferskvassressursane	Bør prioriterast 2008/2009 Krev samordna tiltak med etablering gangveg, kablar for kraftlaget og ny vassleidning for vasslaget.  Konsulent i arbeid opparbeiding 2008  Vert sett på som sak der dei som ureinar må betala for tiltak for opprydding. Vurdera tilskot.  Gjeld undersøking av resipienttilhøva for ferskvatn og etablering av plan for handtering av private utslepp av avløpsvatn.
Vassforsyning Reservevassforsyning og beredskap	Ikkje tiltak i 2007 Er naturleg å vurdera i relasjon til ROS-planen og tiltak som må på plass.	Reservevassforsyning og vassforsyning i beredskaps-samanheng ikkje på plass. Må vurdera om tilskotsordninga skal halda fram i hht kommunestyret sitt vedtak Må vurdera om kontaktutvalet mellom kommunen og vasslaga skal vidareføra

## KOMMUNALE VEGAR, KAIER OG BRUER

Også i 2007 har fleire av brøyteentreprenørane våre har varsla at dei vurderer å gje seg etter denne vinteren. Dette gjeld også eigne tilsette.

Me klarte med eit naudskrik å få kabalen til å gå opp, ved å utvida brøytedistrikta for nokre av brøytarane og auka beredskapssatsane noko. Ansvar for strøing vart overført til 5 av brøytarane med påfølgjande innkjøp av strøapparat. I tillegg var oppsitjarane på 5 jordbruksvegar varsla om opphør kommunal brøyteteneste. Dette må vurderast vidare.

<b>Hovudplan Veg</b> Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan.	Løyving 2003 ( 100') Ikkje Fullfinansiering i ØKP 2007-2010	Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak
Dokumentasjon av bruer	Eigenkontroll 2007	Har samarbeid med Safe Control om tilsyn og dokumentasjon av bruene.
<b>Bru Hopsund</b> Spesialundersøking konkuderte med stenging for køyrety tyngre enn 3 tonn	Etter totalentreprise med total mangel på tilbydarar, er arbeidet no ute på ny, ordinær, tilbodsrunde	Von om gjennomføring tiltak med ny bru i 2008. Endeleg finansiering står att.
Sikring/utbetring av kaier  Følgjande kaier er sterkt skada og utgjer trugsmål : Kai Elsakervågen – både tømmerkai og kommunal kai  Flatråker kai – både tømmerkai og kommunal kai	Saksutgreiinga er ikkje ført fram for formannskapet. Finansiering skissert i ØKP 2008 – 2011 med opningsløyving i 2011  Stengt for all bruk  Kommunal kai – bæresystem i ferd med å gå i oppløysing. Tømmerkaien er ok  Tilkomst er skada, vurdera tilstand	Utgreienda er basert på Rapport frå kartlegging av tilstand.  Skogeigarlaget vil delta i finansieringa.  Bør sikrast innan få år.
<b>Gjøvåg kai - Fiskerihamn</b> Kommunal overtaking  Amlandstø kai – kommunal kai  Malkenes Kai – kommunebrygge	Tilkomst er skada, vurdera tilstand  Stengt. Betongkai er heilt nedbroten og bør fjernast. Steinkai som kan leva vidare under delar av betongkaien.  Er heilt nedbroten.	Bør vurdera sal. Liten kommunal interesse her.  Bør vurdera sal. Liten kommunal interesse her.  Vil verta fjerna som del av gjennomføring av planane til Tysnes Betong.
<b>Gjestebrygga i Våge</b>	Utbetring av nye skadar i	Anlegget krev ordna til-

	bæresystemet (pålemark) utsett til planane om Fjordlandsby er på plass. Mandelhuset har ansvar for dagleg tilsyn og drift.	høve vedkomande tilsyn og vedlikehald. Ansvar bør plasserast.
<b>Sikring/ forsterking av kommunevegar</b> Sikring fjellskjeringar  Forsterking av vegar / grøfting	Ingen tiltak 2007  Tiltak 2007 – Lagt fiberduk inn som forsterking i samband med asfaltering i tillegg til grøfting	Sikring må til i Lundehagen 2 og veg til Lunde Kai. Ikkje finansiert.  Kartlegging bereevne kommunevegane, utarbeiding handlingsplan forsterkingstiltak vert utført som del av Hovudplan veg Plan ikkje restfinansiert og tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010
<b>Kommunevegar Asfaltering</b> Asfaltert i 2007  Veg til Nedre Vee no privat, etter avtale om asfaltering med grunneigarane	Hillesvik : 491t m/ duk Heie/Økland : 403t m/ duk Flatråker kai : 75 t m/ duk Myrdal : 94 t m/ duk Nedre Vee: 99 t m/ duk	Tiltak med asfaltering skal i hovudsak ikkje utførast før vegen er grøfta tilfreds-stillande og har fått sett seg i 1 år. Diverre er under-grunnen og oppbygginga av dei gamle kjerrevegane særslig dårlig og me vert for ofte tvungne til å sporfylla før grøfting er utført.
<b>Trafikksikringstiltak / Trafikksikringsplanen</b> Gangveg Uggdal  Gangveg Lunde  Aksjon skuleveg- tiltak	Ikkje finansiert tiltak i 2007  Uformell vegplan 2004/05  Ikkje finansiert tiltak i 2007	Regplan ferdig 2005  Ein må prioritera å klargjera finansiering og gjennom-føring av gangvegprosjekta.  Stort sett riks-og fylkesveg

<b>KOMMUNALE BUSTADFELT – TILRETTELEGGING</b>		
<b>Lunde – Kattanes syd</b>  Det er no i tillegg mangel på tilfredsstillande tomter i Våge, Onarheim og Uggdal.	Starta arbeid med reguleringsplan. "Luggar" litt med overtaking av tomtområdet.	Prioritet 1 mellom bygdene Hastar for å oppretthalda aktiviteten i bygda  Det bør skaffast grunn og leigast konsulenthjelp til regulering og detalj-prosjektering av anlegg i desse bygdene snarast, skal ein nå måla i "3012".
<b>VASSDRAGSPLEIE</b>		
<b>Elveregulering/Vassdrag</b>	Ikkje tiltak 2007	Teke opp oppfølging og reklamasjon av elve-sikringa i Reiseelva i 2005.
<b>GRAVPLASSAR</b>		
Kommunen yter teneste til kyrkjeverjen vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Kyrkjeverjen har reist spørsmål om samarbeidet bør utvidast til òg å gjelda vedlikehald av kyrkjene, bårehusa og toalettanlegga. Dette er eit naturleg spørsmål, sett i relasjon til kor fint samarbeidet går på "grønt-sida". Kyrkjene er verneverdige og vedlikehaldstiltak på dei vil derfor truleg verta eit omfattande arbeid å få ansvaret for. Det krev styrking både økonomisk og auka personell, dersom ikkje andre oppgåver skal lida.		

## JORDBRUK

Hausten 2007 starta produksjonen ved samdriftsfjøset på Langeland, Onarheim. Det er den mest positive hendinga innafor landbruket på Tysnes på lenge. Samdrift er krevjande og høver ikkje for alle, men for dei som får det til har det ein del fortrinn, særleg ved at det er anledning å ha ordna arbeids- og fritid. Økonomisk vert diverre samdrift straffa framfor at deltagarane driv kvar for seg.

Ideelt skulle kommunen hatt fleire samdrifter, men dei fleste stader er det no så langt mellom kvar mjølkeprodusent at det vert vanskeleg å få det til. Når så har skjedd er det likevel gledeleg at tal produsentar og produsert mengde mjølk har halde seg stabilt siste året med 23 produsentar og ca 1,5 mill. liter mjølk. Pr. 31.07.07, var det 85 stk. som søkte produksjonstilskot, mot 82 stk. f.å. Positivt er det og at Myrdal Gard er i ferd med eit større utbyggingsarbeid.

SMIL-midlane vart også dette året nytta fullt ut. Etter ekstraløyving var samla tildeling kr 190.000 og ingen søknader vart liggjande over. Samla løyving til SMIL og NMSK var kr 330.000. Frå ordninga starta i 2004 har kommunen samla motteke kr 1.994.000, av dette er kr 608.000 SMIL-midlar og kr 1.336.000 NMSK-midlar. SMIL-ordninga har positiv verknad for å få gammalt kulturlandskap fram i lyset att og hindre ny attgroing, men forslår lite i den store samanheng med nedlegging av dyrehald og aukande attgroing.

Eit lypunkt er aukande matvareprisar på verdsmarknaden, krav om norskprodusert mat og aukande etterspurnad. Dette legg grunnlag for optimisme for næringa på sikt. Den store utfordringa er å oppretthalda eksisterande verksemد mens me ventar. Sjølv om næringsutvikling er prioritert lokalt, skulle det vore satsa meir mot dette feltet. I dag går det aller meste av arbeidstida med til lovpålagte oppgåver. Kommunen kan ikkje bidra til store omveltingar for næringa, men mindre bidrag som tilskot til grøfting, bygningsarbeid, veg-vedlikehald m.m. er også svært viktige og positive signal, kanskje det som er avgjerande for å satse vidare.

Tore Lunde slutta som landbruksvikar i januar 2007 og vart etterfølgt av Arne Dale som byrja i stillinga 02.05.07. Diverre vart han skada andre arbeidsdagen og har sidan vore sjukemeldt. Dette har medført at brukarane har vore utan offentleg avløysarhjelp mest heile året, noko som skapar store vanskar for mange. Departementet har bestemt at kommunal landbruksvikar skal vera tilsett i eit avløysarlag og administrerast av dette frå 2008, seinast 2009. Avtale med aktuelt avløysarlag er ikkje sluttført ved årsskiftet, men vil truleg vere på plass tidleg neste år.

## Areal- og byggjesaker

Endringar i plan- og bygningsloven har medført store endringar og krav til meir omfattande sakshandsaming. Sjølv om det ligg føre ny arealdel til kommuneplanen er det framleis førespurnader, dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF -områda. Desse sakene krev ei relativt omfattande sakshandsaming. Sakshandsamingstid er her om lag 6 md. grunna politisk handsaming i min. to møter og handsaming i fylket hos henholdsvis fylkesmannen og fylkesrådmannen m.fl. Saker som er relatert til hytter og fritidshus er framleis dominante.

Handsamingsrutinar er betra. Sjølv om det framleis er stor saksmengde er me no på rett veg når det gjeld lovpålagde sakshandsamingstider. Noverande betalingsregulativ vart sett i verk i august 2002. I perioden 2002 - 2007 har det vore 5 - 7 klager/merknader på einskilde satsar. Sett i relasjon til saksmengde fungerer regulativet tilfredsstillande. Det er trong for revidering av regulativet. Inntektsutvikling er om lag 30% meir enn budsjettet. Må sjåast i samanheng med sakstype og ikkje direkte saksmengde.

Utvikling i saksmengde.

PBL.	2003	2004	2005	2006	2007
Bygningsråd/UIII/ L/T totalt.	283	293	307	321	347
Andel delegasjonssaker.	137	124	122	127	129

Tabellen viser berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forskrift om utslepp fra separate avlopsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Mål for 2008 vert dei same som for 2007:

- Kortare sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.
- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell.
- Revidering av betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m.
- Beting av sjølvfinansieringsprosent.
- Utarbeiding/revidering av informasjonssider på internett for publikum.

## BRANNVERN OG FEIING

Utøving av tenesta har vore tilfredsstillande. Det same gjeld samarbeid med andre etatar som lensmann og ambulansepersonell.

Kommen si brannordninga vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder. Gjeldande brannordning forutsett at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef i deltidsstilling og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld òg vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore utan varabrannsjef. Avstand til brannstasjonen gjer at einskilde mannskap har stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Nymark er det etablert rode med fire mann. Mannskapet er ein del av hovudstyrken. Vaktordning for roden er ikkje etablert. Brannvernet er i ferd med å vidareutvikla røykdykkartenesta.

Den 28.06.07 føretok Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap tilsyn med brannvernet i h. h. t. Brann- og eksplosjonsvernloven av 14. juni 2002 nr. 20 § 31. Rapporten frå tilsynet er handsama som eigen sak. Jfr. sak PS 254/07 i landbruk/teknisk og sak PS 94/07 i kommunestyret. Sjølv om det ligg føre ein positiv tilsynsrapport for kommunen sitt brannvesen, finn me det rett å peika på at det òg er svakheter. Dette gjeld m. a. ved større uventa hendingar sett i relasjon til svekking av beredskapen og forhold til dimensjoneringsgrunnlaget. Det er her viktig å merka seg at beredskapen er dimensjonert på grunnlag av antall risikoobjekt og fastbuande. Det er ikkje teke omsyn til at Tysnes er ein "hyttekommune", kor folketalet kan verta tredobla i ferietid og spesielle helger. Svakheten vert særleg merkbar når brannmannskapet avviklar ferie og dreg ut av kommunen i same tidsrom. Eit anna moment er relativt lang forspenning- og innsatstid ved rekvirering av bistand frå nabokommunane, store avstandar, spreidd busetnad med manglende nærvær av tilstrekkeleg sløkkjevatn og beskjeden kapasitet på leidningsnett til dei private vassverka.

Utdanning/opplæring av befal og mannskap har kome godt i gang. Ny reform krev omfattande opplæring som skal skje i regi av Norges brannskole - NBSK. Fire befal har formell godkjent utdanning. 1 mann har fullført BEF I i 2007. 3 mannskap er i ferd med å fullføra desentralisert grunnkurs via NBSK. Feiaren fullførte første del av sin fagutdanning i 2007 og er framleis under utdanning v/NBSK. Resterande del av mannskapet og befalet stettar ikkje krav til ny utdanningsreform.

#### Oversyn over utrykkingar.

	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Brann i bygning	2 (3)	3	1	2	2	1
Bilbrann	0	0	0	0	0	0
Pipebrann	1	11	1	1	3	
Gras, lyng og mindre skogbrann		5	1	1		
	0				5	
Unødig alarm	1	0	0	2	3	3
Annen assistanse	0	4	2	5	5	1
Biluhell	3	4*	1	1	0	4
Meld. om skogbrann	0	1	0	0	2*	1
(Bålbrann m.v.)	1	1	1	0	0	1
Branntilløp i bygning	0	1	2	2	3	2
HLR						1
Sum utrykkingar	9(10)	30	9	14	23	14

\*2003 Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall.

\*2006 Assistanse til Kvinnherad og Fusa kommune.

2007 var eit ”vanleg” år sett i relasjon til antall og type utsykkingar.

Praktisk utøving av feiartenesta har fungert tilfredsstilende. Brannsyn på bustadhús har kome i gang, men mykje står att. Brannordning føreset feiar i ei heil stilling

### **Mål som vart oppnådd i 2007:**

- Garderobeforhold på brannstasjonen er under betring.
- Første fase med brannsyn for § 13 objekt er gjennomført. Oppfølging pågår.
- Vanleg brannsyn på bustadhús er under oppfølging.
- Grunnutdanning etter NBSK sine retningslinjer er under oppfølging.

### **Framtidsperspektiv**

Største utfordring i åra som kjem er førebyggjande arbeid, opplæring og lovpålagd utdanning av heile brannvernstyrken og etablering av nytt nødnett.

### **Mål for 2008:**

- Iverksetjing av motiverande tiltak for å behalda noverande brannvernstyrke og rekruttering av nytt mannskap.
- Innkjøp av datautstyr/program for brann og feiartenesta.
- Vidareutvikling av opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBSK. Gjeld også for både mannskapsstyrke og feiar.
- Vidareutvikling av røykdykkertjenesta.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og oppfølging av brannordning og DSB sin tilsynsrapport 16.08.07.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Gjennomføring av behovprøvd feiring.
- Vidareutvikling av rode Nymark. Etablering av ny rode på Reksteren.
- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar.
- Vidareutvikling av HMS og internkontroll system.
- Oppfølging av tilsynsrapport/avvik fra DSB.

### **KART OG OPPMÅLING**

Det har vore svært god budsjettoppnåing. Sjå statistikk nedanfor.

### **Målsetjing for 2007:**

Det er tidlegare sett opp vegnamnskilt, men det har ikkje vore tildelt husnummer i område Teigland-Våge i 2007 slik målsettjinga var. Dette er eit arbeid som ikkje er prioritert framfor delingssaker.

### **Kartlegging 2008**

Våren 2008 vil strekninga Lukksund-Lundegrend-Våge-Uggdal-Reksteren verta flyfotografert som grunnlag for ajourføring av kartgrunnlaget.

#### Delingssaker

STATISTIKK OPPMÅLINGSAVDELINGA	2003	2004	2005	2006	2007
Målebrev produsert	55	36	49	41	41
Tinglyste målebrev	3	14	16	16	25
Tinglyste målebrev totalt dette året	15	28	29	25	16
Målebrev produsert, ikkje tinglyst	52	22	33	36	55
Mellombels forretnigar	8	14	2	3	7
Tinglyste mellombels forretnigar	1	13	1	2	5
Mellombels forretnigar, ikkje tinglyst	7	1	1	1	2
Tinglyste registreringsbrev	0	0	0	0	1
Registreringsbrev ikkje tinglyste	2	0	1	0	1
Kravde kartforretnigar	82	55	60	44	81
Seksjoneringar	1	1	0	1	5
Saker i LANDBRUK\TEKNISK	4	1	3	-	-

#### Utvikling i gebyrinntekter

	2004	2005	2006	2007
Budsjett	419.000,-	503.000,-	530.000,-	551.200,-
Rekneskap	501.110,-	574.153,-	799.260,-	846.231,-

#### Selde tomter

Av totalt 29 tomter i Vågsmarka 5 er det 6 tomter som ikkje er selde. Totalt 27 ledige tomtar i kommunale byggjefelt.